

# **Jesus-Messias- prosessen**

slik Garborg selv forteller om den i dagbøkene han  
begynte å skrive i 1905

**JESUS-MESSIAS-PROSESSEN ..... 1**

Forord .....	3
Utdrag fra Huldas forord til dagbøkene .....	3
1905 .....	4
Den dagen "Jesus Messias" ble født .....	4
For å få ro til å skrive dro han til Tyskland .....	4
"JM"-prosessen begynte med Fred og slutter med "Heimkomin Son" .....	5
1906 .....	5
Om å skrive dagbok .....	5
"Jesus Messias" er ferdig .....	6
Vil "JM" ties i hjel? .....	6
Teologer og fritenkere om "JM" .....	6
"Måtte Gud omvende Arne Garborg!" .....	7
Brev til skolevennen Aslak Tonna .....	8
O, jul med din glede .....	8
1907 .....	9
Hvordan han kom i gang med "Jesus Messias" .....	9
Hva er "kristendom"? .....	10
Tillegg til "JM" .....	10
Brev fra Carl Konow .....	11
Essensen av den litterære innsats .....	11
De viktigste bøkene - den røde tråden i livet hans .....	13
Konfirmasjon og synd .....	13
Med Himmelriket på ryggen .....	14
"Heimkomin Son" på beddingen .....	15
Teolognisser .....	15
Drømmen om gullalderen .....	16
Kusymra .....	16
Skulle "JM" koste ham dikterlønnen? .....	16
Gammelt salmevers fra barndommen .....	17
Religiøst tilbakeblikk .....	17
Essensen av "Jesus Messias" .....	20
Heimkomin Son har ennå ikke fått navn .....	21
1908 .....	21
Det går smått med HS (han fyller 57 år) .....	22
Oversikt over bokproduksjonen .....	22
Tolstoy .....	23
Hugsjuken .....	23
Son hans far .....	24
Strever med "HS" .....	24
Endelig ferdig med "HS" .....	25
Kommentarer om "Heimkomin Son" .....	25
1909 .....	25
Om velstand, kvinnesak og buddhisme .....	26
Langfredag og påskens eventyr .....	26
"Den bortkomne Faderen" omarbeides .....	27
Teosofi og poteter .....	27
"Jesus Messias" og torever på Jæren .....	29

## Forord

I 1924 ble Arne Garborgs dagbøker utgitt etter hans død. De ble redigert av Hulda, som inkluderte en del brev hun betraktet som tilbehør.

Her er utdrag fra disse dagbøkene som angår ”Jesus Messias”-prosessen hos Garborg som her betraktes som årene han arbeidet med *Fred* i 1892, fortsatte med *Læraren* (1896) og *Den burtkomne Faderen* (1899) for å avsluttes med *Jesus Messias* i 1906 og *Heimkomin Son* i 1908. Dette er sagaen om Hove-slekta, med fokus på Paulus Hove (Pål) i de tre siste verkene. Dette er den spirituelle og metafysiske reise som Garborg gjør både personlig og litterært i disse årene hvor hans dokumentarverk *Jesus Messias* er kulminasjonen i 1906. Prosessen er gripende beskrevet i dagbøkene.

Noen sitater fra disse årene går litt utenfor JM-prosessen, men disse (om teosofi, depresjon, angst, om å føle seg gammel, samt noen små skriveblomster) er tatt med for å gi en slags helhet.

Hulda påpeker i forordet (nedenfor) hvor vanskelig det ble for Garborg at få forstod hva han egentlig forsøkte å få fram i disse bøkene; at han stadig ble misforstått. Måtte det lesende publikum i Garborgåret 2001 ta seg tid til å sette seg inn i ”Jesus Messias”-prosessen.

Rolf E. Solheim februar 2001

## Utdrag fra Huldas forord til dagbøkene

Noko av det verste for han i desse åri (omkring 1900) var at bøkane hans vart so mistydde. Sume blad skrytte, men på ein måte som syntte at meldarane lite eller ingenting skyna av det dei skreiv um, andre var kalde og gi etne. Endå «Haugtussa», sour sidan vart den mest populære, vart so ymse motteki av den høge Oslokritiken. I eit brev fra 1.10.96 skriv Sehjøtt: - - «Anmeldelsen i Dagbladet var vist av K. ? Den val absolut svinagtig» - -

Mest harma det honom, at «Den burtkomne Faderen» av mange vart teki for ei teologisk oppbyggjingsbok. «Garborg har nu opgit kunsten og slått sig på gudfrygtighed og oppbyggelseslitteratur». Titelen var deim nok.

Og han som meinte, at han her hadde tala so tydeleg og klårt og ærleg um sitt syn på kyrkja og teologien, at det skulde vera rådlaust for nokon å mistyde han.

Dei kyrkjelege venene hans, som so inderleg ynskte og vilde at han no skulde vera «umvend», vogga seg i alle bibelordi og den djupe vyrdnad for «Menneskesonen», som forfattaren so brennande stridde for å berge for seg sjølv og syne andre i nytt ljøs.

Han hadde vori rædd for å koma «heilt burt ifrå Jesus» sidan den «religiøse» interessa vakna i han att, og ikkje berre frå kyrkja . (Sjå brev til Eivind Hognestad i dagboki 26.1.07). Og ein ser kor han slit og grev i alle skriftir for å frelse noko av det som hadde sett so djupe merke i han frå barndomen av, men samstundes få det klårt for seg til alle botnar.

Men det var som han segjer i «Fra det mørke Fastland» om vestlandsbonden: «Saa snart det begynder at ringe for hans øren med de rigtige gamle gudelige Talemaader, blir han hypnotiseret». Og her v a r mange bibelord.

I det ex. av «Jesus Messias» som han skreiv i til meg då boki kom ut, hev han seinare lagt inn noko av ein påemna artikkel um «Fred på Jordi». Der stend m. a.: «For folket er vel den kirkelige antikristendom det eneste lægemiddel, siden Jesu kristendom efter femten aarhundreders kirkevirkosomhed almindelig opfattes som antikristendom».

Her er i få ord meiningi hans um den kristne kyrkja. «Jesu kristendom kunde ikkje få likare lagnad på jordi, enn den som meistaren sjølv fekk» -  
- På ein annan lapp stend: « Um Jesu kristendom - og um kyrkjelæra - skreiv eg for nokre år sidan ei bok «Jesus Messias», som var so god, at teologar og lækprestar samla seg um aa tyne ho, enno er ho å få i bokhandelen». - Merkaende er det nemnde brevet til Eivind Hognestad frå 1907.

Dette syner godt nok, kor vonbrotin han var. Med desse heilt ut ærlege og klåre bøkane meinte han å ha gjevi grunnlag for eit ålvorsamt ordskifte, som kunde vori til gagn for folket. So vart det berre lause teologiske åtak, eller endå lausare oppgløing, to f to på mistak og slurvut lesing.

tilt etter «Trætte Mænd» (1891) var der mykje snakk og skriving um Garborgs «um-vending». I brev frå denne tidi kjem dette ofte fram. Soleis skriv O. Thornmessen (Verdens Gang) i eit brev til meg: «Hils Garborg fra min kone og mig og tak for bogen. Det er længe, længe, længe siden, vi læste magen til den! -

Der vrøvles forfærdelig om Garborgs personlige Standpunkt. Paa Jæderen holder Chr. Bruun Foredrag om, at Garborg nu er «omvendt», og hans Elever læser med Begjærighed Trætte Mænd . Kan De ikke interviewe Forfatteren for mig? - -».

Pålag samstundes skriv eg til Garborg -. «Har vært i Verdens Gang. - - Thommessen fortalte, at Bjørnson havde sagt til ham paa et Folkemøde, at nu var Garborg bleven kristen. Ganske bestemt. Du skulde ha skrevet et brev, hvori du havde sagt at du haabed Gud havde Forladelse for dig, eller noget slikt. T. lod naturligvis som om han aldrig hadde troet paa det, men -», o. s. v.

Sjølv var Garborg inderleg trøytt av altsaman.

## **1905**

### **Den dagen "Jesus Messias" ble født**

31.05.05.

Same herlege Sumaren. Eg kjenner meg som lyft attende til mitt Barne-Himilrike, der eg gjeng og sviv i Solglimen uppaa Knudahei-Berge og ser ut yvi Land og Hav i Barne- og Heimedraumar.

Og her formar seg med ein Gong for meg den Boki, som kannhende vert mitt Livs verk, mi Bergpreike um eg so maa segja: Boki um Jesu Kristindom. Med ein Gong stend alt klaart for meg; n o veit eg kva eg vil, og korleis det maa gjerast ; no kann eg koma til as arbeide att. Aa; for Live, Live, - det er Arbeid. Arbeid som det kan gro etter. Arbeid under Himils Sol og Regn ; Dyrkings-, Bonde-Arbeid.

No fyrst er eg vaksin. For no er eg Bonde att.

### **For å få ro til å skrive dro han til Tyskland**

Blasewitz 28.8.05

- No søker eg mi 'Trøyst i Tanken um den Boki eg skal i Veg med: Jesus fraa Nazaret, eller kva ho vert heitande: um den kunde verta til Hjelp for einkvan? - I alle Tilfelle vert ho til Hjelp for meg, so lengi eg arbeider med ho; og i det heile: so lengi eg hev noko aa arbeida med, som kann halda ifraa meg alle desse trøytt Tankane; denne raadlause, huglause, gamall-mannslege Likesæla . . .

Ja, for det er vel det. Eg er so gamall at eg ser eg vinn ikkje inn i noko nytt: og det gamle hev eg sagt Farvel til for lengi sidan - - -

Pillnitz 5.9.05

Sjølv er eg i Gang med Skrivning. Det er Nytestamente eg vil lære Folk as lesa. Eg veit og ser no sjølv at dette ikkje er lett lært, med alle dei Teologbrillune dei hev lurt paa oss. Og so stor og klaar som Jesus er, so hev dei tukla med 'n, til han stundom ser heller ug Reid ut. Men det skulde vera Raad as faa han fram att.

Pillnitz 6.10.05

Eg fær halde meg til Testamente mitt. Det tek og Tankane mine meir og meir; eg trur det vert ei klaar og greid lita Bok, som vil hjelpe mange, - og taka fraa meg Stipendie mitt. Men ein gjer ikkje eit godt Arbeid strafflaust.

## **"JM"-prosessen begynte med Fred og slutter med "Heimkomin Son"**

Pillnitz 4.12.05

- Den nye Utgaava av „Fred" er komi; ho ser godt ut; Ho er for tung, og tek for mykje alt med; ho flyt ikkje lengi paa det grunne Vatne som no heiter „Tidi". Men ho er sann; og eg er glad eg hev skrivi ho. Stort betre kunde eg ikkje ha gjort ho heller.

No held eg paa med „Messias" ; hev seti i „Konigl. Bibliotheke" hier og lesi den eine lærde Boki etter den andre - til aa tryggje meg mot Mistak. Men di meir eg les, di meir skynar eg at eg berre skal gjera ho beintfram og „ulærd".

Ho kjem paa ein Maate til as høyre inn i den Bok-Rekkja som tek til med „Fred" ; og eg trur meir og meir, at Slutten paa denne Rekkja no maa verte endaa ei Bok um Paal Haave. Ikkje noko vidare „Forteljing" ; meir noko paa same Maaten som „Den burtkomne Faderen". Der vil eg kunne faa sagt Resten av det eg enno tykkjest hava as segja, og kann sidan med full Ro slaa meg paa Homer. Ja-ja. „Fær no sjaa daa."

**1906**

## **Om å skrive dagbok**

Labr. 8.3.06.

Føre Dagbok er faafengt for ein gamall Mann; det som hender er alltid det same upp att. Ein bokfører sistpaa berre sine egne Tankar; men dei er like eins det same upp att og upp att. Og alle gamle tenkjer like eins.

At Live er til as flire av er sjølv sagt; at det er til aa graate yvi er ikkje mindre sjølv sagt; alt som læt seg segja um Live er sjølv sagt. So vert det keidsamt; kvi skal ein segja alle desse sjølv sagde Ting.

Naar ein er ung liver ein paa Framtidi: paa det ein skal liva. I Manndomen liver ein paa det som andre skal liva: Liver for Baani sine, for ein Tanke o. dl. Og naar ein vert gamall liver ein paa Fyritidi. Faae er dei Stundine i Live daa ein liver heilt n o. Men dei Stundine er Æveheimen, Sæla.

I desse Tidir arbeider eg med Jesus som lærde: du skal elske din Næste som deg sjølv. Di meir eg tenkjer etter, di meir vert det so: dei store Stundine, daa ein liver heilt, er dei som ein liver med eller for andre. Det store i Live er stort, for di at gjennom det vinn ein mykje for mange, eller vinn Tilføre til aa gjera mykje for mange . . .

Daa eg skreiv um Paal Haave, tok det til as gry for meg: denne Jesu Tanke er og ein Livs-tanke, kannhende den høgste. No ser det meg meir og meir ut til, at det er den einaste. Paal Haave hev i all Løynd vori min Draum. Eit slikt Liv skulde eg livt. Daa hadde eg vori heilvaksin sjølv med; daa hadde eg funni Meining i Tilvære mitt. Framand gjeng eg i Verdi no; meir og meir framand. Og er for gamall til as finne Heimvegen min att. Ei veksande pinefull Kjensle av spillt Liv arbeider seg innpaa meg meir og meir; stundom trur eg det er Sjukdomen aat Far min. Eg skulde vori Husmann paa Jæren og livt av mitt Arbeid . . . . . Skrivning vert eg so trøyyt av. Men eg hadde kannhende vorti likso trøyyt av as arbeide med Spade og Grev? Eg er kannhende av ei trøyyt, utlivd Ætt, - Son av Far min? -  
- Trøyytte Tankar. Det rettar seg vel, naar eg kjem til Jærs.

## **"Jesus Messias" er ferdig**

14.8.06.

For alra siste Gong er eg ferdug med „Messias" - ho kjem vel til aa heite so likevel; Bokreidaren trur det vil vera best - ; det var noko ut-imot Slutten eg laut stelle paa; og daa eg fysst fekk Handskrifti att, kom eg til as stelle paa baade eitt og anna. Det vert. prenta 3000; Bokreidaren trur ho, vil gange. Gjev det var so vel. Eg kunde trengje ei Bok som gav nokre Haustar no; det vert meir og meir dyrt aa liva i dette Lande. Eg gjev ut denne Boki, der eg hev lagt ned det vesle Live lærde meg; men naar eg minnest mi gamle Tru um at ein skulde kunne gjera noko med ei Bok, smiler eg og sukkar.

## **Vil "JM" ties i hjel?**

25.9.06

- Den nye Boki er umtala i „D. 17de", som læt vel um ho, og i „Dagbladet", som viser ho ut av „Litteraturen" og inn i Teologien. Kann godt hende at dei vil tegja ho ihel ; serleg vil vel Teologane tegja, som brende seg so ille paa „Trætte Mænd". Eg skulde taka det med Ro, naar berre Boki kunde naa Folke og letta av det denne fæle Helvit-Draumen det gjeng og vrid seg under. - - Um det elles ikkje er sant at det „treng Helvite" - til aa pine sine Fiendar i?  
- Helvite er det einaste Folke hev aa hemne seg med, stakkar. Og Stortinge forsvarar kanskje den rette Trui med aa taka Riks-Stipendie fraa meg? - No daa eg er gamall og ferdug skulde eg taka det og med Ro - so for min Part daa. For ein Bonde er det i Grunnen uhuglegt aa liggja paa Fatigkassa soleis; og dei 2400 - eller, Skattane fraarekna, 2100 - Kr. som eg et upp um Aare, dei er det til Slutt Bøndar og Arbeidarar som maa slita ihop . . .  
Huff! - sat eg fri paa ti' Maal jord og heitte berre Per 1  
Det er dei „store Diktarane" vaare som hev øydelagt meg; og daa eg var øydelagd sjølv, so hjelpte eg til med aa øydeleggja andre. Og no ser det ut til at eg skal verte so gamall som alle Haugane . . .

## **Teologer og fritenkere om "JM"**

7.10.06.

Ikring „Jesus Messias" er det reint stilt.

Som ventande kann vera. Boki er for lite Partiskrift. Fritenkjarane er misnøgde av di ho held uppe jesu-læra; dei kyrkjelege er sinna av di eg segjer eit og anna sant um Kyrkjelæra . . . Ja dei kyrkjelege. Eit Brev som Peter Hognestad hev sendt meg er opplysande her. Peter Hognestad skriv: „Eg minnest inkje eg hev lese nokor Bok som hev gjort meg so vondt". Ho ber fram „eit Syn paa det nye Testamente so avgrunnis langt burte fraa det som etter mi Mein-ning er rett, at det skjer meg i Hjarta aa sjaa d e g vera Fyretalsmannen". „Det er ikkje sant, at me vil burt fraa Jesu Lære. Me meiner just at Trui paa Jesus er Veggen inn til aa liva det Live som Jesus forkynner. Trur du verkeleg det vil verta nokor moralsk Vinning um ein tek burt denne Trui og held seg berre til Jesu Moralforkynning?" (dvs: held seg berre til Jesus! - segjer ein kristin Prest). „Du segjer at me som trur paa Kristi Guddom, fylgjer sjølve Djevleorde fraa Syndefalle . . . .; stort verre kann det vel ikkje verta sagt. Etter det skulde me Kristne vera sjølve Satansmagti paa Jordi."

Dette siste minner elles um det som den amerikanske Bibelgranskaren Ch. Russell skriv i „Millenniets Daggry" II: at Kyrkja - Romerkyrkja - beint fram og heilt ut er Motkrist Rike; Paven er Motkrist, „Antikrist". Lutherkyrkja hev komi seg laus fraa Paven. Men ho hev mykje att av dei Lærdomane som Pavekyrkja var bygd paa; langt, langt hev ho att fyrr ho vinn seg upp til Jesus att. Og naar Jesus fraa Evangelie vert førd fram, segjer denne ærlege lutherske Presten: „det er som det opnar seg Avgrunnar millom oss" ; - mykje av MotkristRike hev fylgt med inn i Lutherkyrkja trass i „Reformationen".

„Avgrunnar," „avgrunnslangt" skulde det i Røyndi ikkje vera millom Nytestamente og Pro-  
testantlæra, um Protestantkyrkja hadde haldi fast paa Grunn tanken sin: Evangelie er Sanningi. Men - Luther kom berre halvveges laus fraa Motkrist-Kyrkja; og Kyrkjelage hans hev stivna til der. Og det vert vel som det hev vori, det er berre dei faae, den „vesle Hoppen", som vinn seg fram til Fridom, til Jesus.

- Med alt dette er eg glad for at eg hev fengi denne Boki ut. Etter den stend eg sjølv fri og klar; og Boki vil vera til Hjelp for deim som treng ho. At Teologar og Fritenkjarar slær seg saman um aa tegja ho ned viser at ho er det ho skal vera: Ikkje-Partiskrift; og dei som treng ho, dei vil finne ho lel.

## **”Måtte Gud omvende Arne Garborg!”**

23.11.06.

3die Upplag av „Jesus Messias" er komi -smaa Opplag; det fyste 3000, dei tvo siste 1000. Boki maa gjera godt.

Det skynar eg mill. a. av, at Teologane tek seg so av ho; i Bladi skriv dei (og eg hev svara fleire Gongir: i Dagbl. og Aftp.; no skal eg svara Chr. Bruun i „For Kirke og Kultur"); og det hev vori tala um ho paa Møte og i Foredrag inne i Byen, av Prestar og Lækprestar; no sist tala Herman Lunde; og det vert fortalt, at dei etterpaa „bad for meg" -, bad Vaarherre umvende meg; det er so ein kann baade læ og graate. Men noko maa Boki hjelpe til aa faa Jesus upp att i Staden for Paulus og Kyrkjemøti og Luther, og til aa faa „Kjærleiken til Næsten" upp i Staden for Helvite; ' og daa skal eg vera fornøgd med ho.

Og ei ny Bok tek eg til aa tenkje paa: ei Religionshistorie for Folke. Skal undrast paa, um ikkje den kunde gjera mykje godt. Dertil driv eg paa med Homer -, um eg ein Gong kunde faa honom fornorska.

Her er i det heile meir enn nok aa gjera; men Arbeid trengst, skal ein halde seg frisk.

Men fælt er det i denne heilage Joletid med alle desse Bøkane; Verdi forgjengst av Bøkar til Slutt.

## Brev til skolevennen Aslak Tonna

Valstad St. 1/12 1906.

Du Aslak!

Takk for Breve ; eg skulde ynskje at mange kunde døme um Boki mi so aandsfritt som Du. Det reint historiske ved Jesus-Sogo hev eg ikkje granska; det vert mindre vigttugt, naar ein held seg til Jesu Tankar, som, so vidt som eg kann sjaa, er ævelege dvs: gjeld for alle Tidir. Dei lærde Bøkane eg hev raadført meg med daa eg skreiv gjeng ut ifraa, at Jesus hev livt noko-sonær paa den Tidi som Kyrkja hev slegi fast. Til Essæar-Sekti høyrde han ikkje (sjaa t. d. Mt. 11,19 som viser at han ikkje heldt seg til deira strenge Ser-Reglar); Læra hans er og heilt fri for alt sekt-vori.

Læra um Messiasrike var ingi serskild Jesuslære; han heldt seg her til den (Profet- og) Rabbilæra som paa hans Tid var Israels-Tru. Eg hev daa her funni lite Grunn til aa tala um kva e g meiner um Messias-Rike; det var nok naar eg fekk fram kva Jesus meinte. For min Part kunde eg ynskje, at denne fagre RabbinarDraumen var sann; men noko meir enn Ynskje eller Von kann det her sjølvsgt ikkje vera Tale um. Det Messias-Rike Jesus sjølv forkynte var det som er „innantil i dekon" ; og det kann me tru paa trygt.

Um Livs-Myriadane kann me freiste med mange Truir; den teosofiske er ikkje verst. Men sistpaa kjem ein vel helst til det, at me her ikkje kann vita noko. Det einaste me kann er: gjera vaart til at Jordi vert so lite Helvite som Raad er ; daa gjer me vel og det me gjera kann for det Live som etter kjem -, u m der kjem noko etter. Dette siste er og noko av det me kann vone og tru, men ikkje kann segja noko visst um.

Eg trur meir og meir, at legg me heile vaar Kraft paa aa liva dette Live rett, so kann me i alle Tilfelle taka det rolegt og sjaa med Von paa det som etter kann koma. Og um so Dauden i fullt Aalvor er „den ævelege Kvila" -, hev me nytta vel det Live me fekk, so hev det endaa ikkje vori „meiningslaust".

Med Helsing

Arne Garborg.

## O, jul med din glede

Jol. 25.12.06.

Høgtid. Klokking. Jolevers. Jolepreiking. Jolebilæte. Jolegaavur. Jolestas. Jolegleder. Jolebrennevin. Jole-Snikksnakk. Fred paa Jordi og Hugnad med Menneskjom . . .

Det fyste eg fekk i Hendane i Dag er eit Blad som fortel um Tilstandi i Russland. Der er avprenta Brev fraa nokre gode ærlege Menneskje som hev vori med paa eit eller anna som skulde hjelpe fram-yvi mot Rett for Folke; for dette er dei i Guds og Tsarens Namn drepne . .

Men Russland, det er daa berre ein Villmannsheim. Ikkje bry seg um Russland - -

So les eg eit Stykke fraa det hochkultivierte Deutschland. Tyske Kulturherrar i Afrika driv Vald, Draap, Villskap, Griseskap, i Namn av Kultur, Rett, Stat, Kristendom . . .

Fred paa Jordi; Hugnad med Menneskjom. Ein sputtar. Ein hiver Bladi og vaskar Hendane. Hjelper ikkje. Ufysin, ufysin, ufysin kjenner ein seg av aa vera Menneskje, av aa høyre med til denne Vargeheimen som kallar seg Kultur, Kristendom o. s. fr.; det er Helvite, er det; me tarv ikkje „tru" paa Helvite; me er i Helvite livs livande.

Jol !

Uh, ein vert so elgjen. Aah, ein vert so trøytt. Og so tenkje paa, at i denne Stundi stend det femtan Millionar Prestar i femtan Millionar Kyrkjur, og preikar blideleg um Gud, Faderen,



um Sonen, Frelsaren, um Anden, Kjærleiken, um Kyrkja, Broderskapen; Lygn, Lygn; Lygn som lugtar . . .

\*\*\*

- - Det er kje sant at godt fær si Løn og vondt si Straff; dei gode vert nedtrampa; dei vonde gjeng stolte ikring og gjer som dei vil; so døyr dei i Ro og fær ei herleg likferd med Kyrkja signande og Folke syrgjande; Sanningi er: sterkt fær si Løn um det er aldri so vondt; men det veike maa taka sitt Golgata, um det so er sjølv Messias. Nietzsche hev Rett. Verdi er Helvite ; Fanden er Vaarherre.

\*\*\*

- - Det Gudsrike ein skal vinne fær ein byggje seg sjølv; det ser eg klaarare og klaarare. Og difor er Jesus „Messias“ : for di han lærde oss det. Verdi vert verande Helvite, til dess me kvar for seg lærer aa byggje ho um til Himil; kvar som vinn so langt som til aa byggje Verdi etter si eigi Grunnlov, han er sæl, midt i Helvite. Det maa og vera Tanken hjaa denne forunderlege Dansken Jørgen Gry - som eg i Dag fekk ei jolehelsing fraa: eit Brev som ikkje er prenta, men handskrivi og kopiera -; det er eit serskilt Maal han hev skapt seg for Tankane sine; men dette maa vera Meiningi. Sin Messias hev kvar i seg sjølv, meiner han; seg sjølv, sitt sanne, sitt upphavlege sjølv skal kvart Menneskje liva fram; daa gjer det „Guds Vilje“; og daa hev det, her i Verdi, Sæla, um Verdi elles er aldri so fæl. I sjølv den Ting aa hjelpe til med aa skapa Verdi um fraa det Helvite ho er, til det Himilrike ho skal vera, i den Gleda som fylgjer med det aa liva fram si eigi Grunnlov, ligg Himilrike vaart.

Jesus hev vunni Himilen for oss ved aa lære oss aa vera med paa aa døyve Helvite. Og døyve Helvite, det maa me gjera sjølv. Det vilde lite nytte, um det var ein Gud som gjorde det.

- Det fær eg daa halde jol paa.

**1907**

## **Hvordan han kom i gang med "Jesus Messias"**

*Garborg kjente Eivind Hognestad fra Jæren. Han var stortingsmann på denne tiden. Hans bror Peter ble i 1915 biskop.*

Labraaten 26/1 1907.

Kjære Eivind Hognestad.

Mange Takk for Helsingi, eg vart serskild glad for den. Eg var redd at den siste Boki mi hadde stengt alle Vegar.

Ei jolehelsing som eg fekk fraa Bror Din gjorde meg ikkje mindre glad. Og eg tenkte paa aa skriva og takka. Men finna Maaten var ikkje so beint, og serskild visste eg ikkje um han vilde lika noko som eg hadde Hug til aa fortelja. Og so gjekk Dagane, eg greidde ikkje dette. No kann eg kanskje segja dette til Deg, og so gjer Du som Du synest: fortel eller lat vera.

Det er det: at paa ein Maate kann eg takka Peter Hognestad for at det vart Aalvor av det med denne Boki. Eg hadde tenkt paa ho, men so var der so mykje i Veggen, - soleis det, at eg meinte ei slik Gransking vilde tvinga meg heilt burt ifraa Jesus au, - ikkje berre fraa Kyrkja. Men so fekk me ei norsk Kyrkje. Og der gjekk eg, - ikkje berre ein Gong. Og lika meg for det meste svært godt der. Det var alltid sumt som eg ikkje kunde vera med paa, men Presten dreiv mindre paa med Dogmatik enn eg var vand med fraa gamalt, so eg kunde vera meir med enn eg hadde tenkt, og kor som var og ikkje var: det kjendest utruleg heimslegt i kyrkja for den „burtkomne Sonen“.

Men, som sagt: eit og anna var der som vekte „Protestanten" i meg. Gong etter Gong, og daa etterkvart meir og meir. Enden vart at eg laut i Veg med Testamente att, og „sjaa um desse Ting hadde seg soleis". Og ettersom eg kom i Gang med Granskingane mine, klaarna det upp for meg, at vart Testamente teki for seg sjølv, utan Samanheng med dei seinare Kyrkjemøte, so turvte eg i k k j e gjeva upp Jesus. No er eg Peter Hognestad takksam fordi han dreiv meg til aa gjera Aalvor av det med aa lesa Nytestamente, men han vil vel helst meina at han hev gjort eit laakt Arbeid med dette.

Men Sanningi maa kvar taka som h a n ser ho, og det Bror Din hev gjort er i alle Tilfelle ikkje verre enn at han hev drive meg nærare Jesus enn eg fyrr var. Og dette bør ikkje kunna skilja oss, i dei Ting me kann halda ihop.

Med Helsing til beggje Hognestad-Karane.

Vyrdsamt Aadne Garborg.

## Hva er "kristendom"?

Troligvis 26.1.07

Aa ja, dette „kristne" Samnøyte. Det er Neve mot Neve og Kniv mot Kniv, Mann mot Mann og Stand mot Stand; det er ein æveleg brennande Eld av Ovund og Hat; det er Helvite. „Villmennane" er betre kristne enn me; det hev dei alltid vori, og er det enno, all Stad der dei ikkje er øydelagde av kristeleg Kultur og kristelegt Brennevin.

## Tillegg til "JM"

15.2.07

- - - Eit Tilleggshefte til „Jesus Messias" „Den burtkomne Messias" skal no koma. Teologane hev fengi stogga Sale paa „Jesus Messias" ; - Spursmaal um dette kunde hjelpe. Tyngre enn eg tenkte og visste - ligg Teologskodda yvi Land; det er knapt ein Ungdom aa sjaa i noko Blad som vaagar aa tala ut til Kyrkja og Teologane.

I Dag trur eg eg saag det fysste noko-so-nær greide Orde (i „Unglyden", av ein „-r"). Men i same Blade preikar B. Th. Anker (den andre Landsmaalspresten vaar); og han hermer Bibelen som ein Teolog skal gjera („frelse det burtkomne" i Mt. 18.11 o. s. fr. vert nytta til Studnad for luthersk Teologi o. s. fr.). Ille, at just desse norske Prestemennane skal vera slike hardkokte Teologar.

22.2.07

Det vesle Hefte „Den burtkomne Messias" vert i Dag utlyst i Bladi. Um det elles vert noko større nemnt, undrast eg paa „Jesus Messias" hev Teologane fengi døyvt; og med denne gjeng det vel ikkje stort likare.

Men det fær vera det same. Eg hev fengi sagt mi Sanning, og er dermed nøgd. Og eg trur Folk tek til aa skyna no, at det er mi Sanning, og at det ikkje nyttar aa beda for meg til dei kyrkjelege Gudane.

Dei snilde Hognestad-Karane hev i det lengste vona aa kunna frelsa mi Sjæl; den eine sende meg jolehelsing, den andre Helsing til Aarmaalsdagen min. Til denne siste Helsingi svara eg med eit Brev, der eg fekk sagt den sanne Ting, at det paa ein Maate er Peter Hognestad og hans '- gode! - Preikur som hev tvinga meg til aa taka upp-att dette Emne som eg i Røyndi trudde meg ferdug med: Spursmaale Jesus. Etter det maa alt vera klaart. Mot meg vil desse

gjæve Karane heretter berre føre den stille Striden for Live ; og eg, som sjølv hev røynt, kva dette Trudomsspursmaale hev paa seg for den som enno ikkje hev naatt heilt fram i Dagen, eg vil ikkje kunna segja noko paa det.

For meg sjølv hev alt no klaarna og roa seg. Og eg ser at eg ikkje hev anna aa gjera enn aa vera nøgd med at det „gjekk som det gjekk“.

Eg hev naatt so langt som til Jesus fraa Nasaret; han gjev for meg Svar paa det Livsspursmaale som det i det heile finst Svar paa. Og det Svare e r Svar, g j e v Livsmeining, d. e. for den einskilde som spyrr um Meining i s i t t Liv.

## **Brev fra Carl Konow.**

Bergen 21/2 1907. Hr. Garborg!

Jeg haaber, De ikke vil tage mig det ilde op, at jeg har tilladt mig at sende Dem et par foredrag, jeg netop har holdt her i byen om den nyere theologis opfatning of kristendommen.

Skjønt der i Deres bog Jesus Messias er mange baade mere og mindre væsentlige punkter, jeg ikke deler Deres opfatning af, synes dog Deres standpunkt i det hele at have saa stor berøring med det, jeg selv har gjort mig til talsmand for, og som kun er den moderne theologis of Ritschls farve, at jeg har faaet lyst til at sende Dem mine foredrag. Min opfatning er muligens paa sine steder noget mere radikal end den, som ellers hyldes of den nyere theologis repræsentanter her i landet for øieblikket. Men faar den nyere retning ro til at udvikle sig hos os, tviler jeg ikke paa, at den her som andensteds vil drives til at tage de konsekvenser, som ligger i standpunktet selv, og afryste den karakter of overgangstheologi, den hidtil har søgt at holde fast ved. Deres bog bidrager visselig i store kredse udover folket til at sprænge ortodoksiens gamle baand og indeholder i, hvad De drager frem of Jesu ord og forkyndelse, ogsaa i sig selv saa værdifulde ting, at jeg kan ikke andet end være taknemmelig for den. Ærbødigst Carl Konow, prest.

## **Essensen av den litterære innsats**

23. 2. 07.

I Live hev eg ikkje stelt meg so eg er fornøgd. Men eg hev kannhende gjort det eg kunde. Eg hev skrivi tvo Bøkar: „Fred“ og „Haugtussa“ ; dei er vel snart gløymde baae; men det eg hadde aa gjeva gav eg der, trur eg. Og ingin skal tenkje paa aa gjeva meir enn han hev aa gjeva. I „Den burtkomne Faderen“ og „Jesus Messias“ hev eg dertil gjort det eg kunde til aa jamne Veg for Folk av mitt Slag, - jamne Veg, so dei kann finne fortare, og dermed vel lenger fram enn eg kunde vinne. Eg skynar meir og meir, at eg her hev gjort det eg kunde gjera; og daa min Veg laag her, so maa eg og tru at eg hev gjort det eg skulde gjera.

Og med alt eg kann vera mindre nøgd med: eg er glad for at eg fekk liva so lengi at eg kom so vidt „til Ro“ ; fekk sjaa ut-yvi Tilvære mitt i Samanheng. Som Live var lagt til Rettes for meg, so var det dette religiøse eg fysst og fremst maatte klara.

Det religiøse i vanleg, folkeleg Meining er denne truskyldige Barnerædsla for aa døy. Tilvære synest med all si Sut og all sin Stakkarsdom aa vera so rikt og so mykje verdt, at skal ein faa nytte det ut, maa ein vera til æveleg. Mot dette ævelege Tilvære vert daa Live her inginting. Den folkelege „Trui“ øyder soleis Live i Staden for aa gjeva det „Meining“. Det gjeld aa „forsaka“ Live her, stengje seg ute, døy burt fraa Live her, og søkje sitt rette Liv i Draumen um eit anna Tilvære.

Naar ein vinn seg ut av denne øraska, vert ein frisk att, roleg, klaar, aalvorsamt nøgd og viljeheil, som Fedrane i den gamle Kulturtidi.

Dei skyna, at her paa jordi galdt det aa liva Live. Kva som etter kunde koma var meir eller mindre uvisst og uklaart. Men livde ein paa forsvarleg Maate det Live ein hadde, so naadde ein so langt som komande var. Og Live vart roleg Trygd og Arbeidsglede. Men Dauden kom som den rolege Kvelden med Kvile, eller kannhende med eit nytt Liv, som skulde bera lenger fram. Men Draumen um eit anna Liv var ikkje sjuk: gav ikkje Mothug mot eller Uhug til jord-live. Gjorde snarare dette dess meir gjævt.

Det er dette det gjeld um: Live maa verte oss gjævt, høgt, heilagt; Aalvor og dermed Hugnad maa det verte oss. Ein hev naatt Sæla - og Vilkaare for ei komande Sæle au um ein vil hava den med -, naar ein er komin so langt at ein rolegt skynar og med god Vilje bøyger seg under Livslovi. Ein tek daa Live med Hugnad, ja med Takk, daa ein veit, at det med all sin Strid fører oss framyvi. Um der er „Meining i Tilvære" veit me ikkje; men i mitt og ditt Liv er der „Meining" : gjennom Strid fører det til Soning og til Ro, so sant me tek det aalvorsamt.

Det som gjer at denne Tidi synest gamal, er Pengesjuken, som er ein Alderdomssjukdom. Vinn me yvi den, kjem gjennom George-Læra den gamle Tanken upp: at Menneskje er det fysste, og at Arbeide er Sæla hans, - so vil det segja, at Ætti vaar, eller det av Ætti vaar som enno hev Ungdom, gjeng inn i ein ny Tidbolck, skaper ei ny Sogu, reiser ein ny Kultur paa den gamle heilt menneskjelege Grunnen.

## **Brev fra Peter Hognestad**

Kristiania 27.2.1907

Kjære Garborg!

Naar eg no skriv til deg, maa eg fyrst faa takka for det brevet du sende til Eivind. Eg las det, og fann daa at tonen var annleis enn i det som du hev skrive offentleg. Eg er takksam for det, og like eins gjorde det godt aa høyra at du endaa set pris paa aa hava noko samlag med Eivind og meg.

Det var inkje gildt aa høyra at e g hadde eggja deg til aa skrive Jesus Messias. Men daa vil du vel skyna, at eg hev kjent endaa større skyldnad til aa skriva og halda fram for folk mi meining um spursmaalet. Naar du no i „Den burtkomne Messias" hev gjeve ut dine svar til meg, so hev eg og set meg nøydd til aa gjeva ut det du svarar paa, og attpaa leggja noko til. Det vert ei liti bok som eg kallar „Meiningar um Jesus". Ho kjem ut i desse dagar, og eg skal faa senda ho til deg.

Etter mi beste yvertyding maa eg strida imot meiningarne dine. Men eg skynar so godt at du hev havt ein annan livsgang enn eg. Dei religiøse spursmaali hev lagt steinar i din veg som eg inkje hev funne i min. Det kann vera at du no for tidi maa tyda Jesus for deg som du gjer, um du i det heile skal faa bruk for han. Men eg ser no paa andre som brukar same metode som du, at Jesus kverv meir og meir burt for deim. Det vert mest ingen ting att. Det hev eg prøvt aa syne i siste stykket i boki mi. Um ein segjer som du og fleire, at det er kome til so mange falske drag ved messiasbilætet i det nye testamente, so syner det seg at ein aldri kann semjast um kva som er sant og falskt. Difor maa e g taka Jesus som han er, utan utskiljing. Det vert vel til slutt den tryggaste grunnen baade religiøst og vitskapleg.

Mot deg kjenner eg ingen uvilje. Eg held meg til Jesu ord i Mark. 9,40: „Den som inkje er imot oss, han er med oss". Det ordet vil Jesus me skal bruka naar me dømer um andre. I Matt. 12,30 segjer han: „Den som inkje er med meg, han er imot meg". Etter det ordet skal me døma oss sjølv. Difor hev Jesus sagt baee desse ordi. Eg trur inkje at du er imot Jesus Kristus. Daa er du med, og eg hev rett til aa segja:

„Til samme himmel gaar vor gang, adskilles end vort spor."

Venleg helsing Peter Hognestad.

## De viktigste bøkene - den røde tråden i livet hans

9.3.07

Og eg tek til aa faa Samanheng i Livssogo mi. „Fred" er min naturalistiske jær-Roman, ikkje lite rik, og heilt sann; der er ikkje noko eg kunde vilja brigde. Noko lang er Boki; men kvar Line synest meg innhaldsfyllt; so den fær vera som ho er.

Jamsides den stend „Haugtussa", som er mitt Jærbu-Dikt. Desse tvo Bøkane saman er Heimen min og eg, Heimen min set med mine Augo, og eg sjølv stigande fram gjenom denne Skildringi av Heimen; eg er glad for at eg hev sett upp desse Bøkane, - og i Grunnen like glad anten andre bryr seg um deim eller ei; det er sistpaa ikkje det, det gjeld um.

Fyri desse tvo stend „Bondestudentar". Den er meir historisk. Det er noko av min eigen Framvokster, med Framleggjing av dei Samfunds- og serlegt nasjonale Tilstand som dreiv meg innpaa min Veg; Daniel Braut er, kann eg segja, den nasjonale Stakkarsdomen eg hev funni i Folke og i meg sjølv, og som det daa skulde gjelde um aa vinne yvi. Men i „Læraren" og „D. b. Faderen" hev eg lagt fram det gode Grunnlage eg trur paa i Folke, og trur aa ha set Merke til paa mange Maatar, og kjent ikkje lite til i meg sjølv, i mine „beste Stundir", det som eg daa maa ynskje kunde vinne seg meir og meir fram, og som etter mi Tru maa vinne seg fram, um me skal vinne vaar fulle Livskraft.

„I Helheim" er eit Millombrøyte. Eg freista paa „Heime" Veg aa naa fram til eit Livssyn, som utan Teologi og Trongsyn kunde vinne fram til det heile og sterke og friske i Folketrui, det som ein maatte byggje paa, um ein skulde kunna vente ei norsk Framtid. Men Tankane klaarna for meg etterkvart; og i „Læraren", og endaa meir i „D. b. Faderen", er dei so vidt avklaarna, at eg no, daa eg dertil gjenom Arbeide med „Jesus Messias" hev komi til aa sjaa, at desse Tankane i Røyndi er Kristindomen, og at denne - sanne - Kristindomen er den høgste Mannom Verdi enno hev naatt, - kjenner meg roleg, hev fengi Samanheng i mitt Syn, og fengi eit Livssyn som gjev Arbeidsro. No fysst kann eg segja at eg kjenner meg vaksin. Teologane talar um „Sæle"; eg held meg til dei gamle som fann Sæla her i Live, og daa livde dette Live soleis at dei rolegt og trygt kunde døy; kva som sidan kjem, det kann ein daa trygt gange inn i, - um det sidan kjem noko.

„Mannfolk", „Trætte Mænd" og „Hjaa ho Mor" er fraa mi Utlendings-Tid; det gamle Framande som eg hadde livt paa var burtkomi, og eg hadde endaa ikkje noko nytt; alt var Spursmaal for meg, og det som det galdt um var aa arbeide seg igjenom desse Spursmaali. Og daa galdt det aa koma til Grunnen i oss sjølve, finne ut Livslovine vaare. Det var „Naturalisme". Men gjenom „Trætte Mænd" tok det til aa gry, at dette, som i seg sjølv berre er eit Stig paa Vegen, var eit slikt Stig ikkje minst for meg.

Der eg no stend, er Framvegen heilt fri; men der e r og ein Framveg.

## Konfirmasjon og synd

12. 3. 07.

Gamle Aslak Aslakson, „Aslak Gullknap" fraa Solberg (Holt), Aslak Tonna kallar han seg, no og er Gardmann og Landhandlar, - han strævar med Trui, Stakkar, og spyrr meg til Raads.

Han hev i seinare Tid drivi paa med „Teosofi", men hev mill. a. au lesi „Jesus Messias".

Og den hev han ikkje noko større aa segja paa. Men no skriv han og spyrr: kva Meinung er der so i det heile? Og han skriv so eg tykjer eg kjenner meg att sjølv fraa den Tidi eg var paa dei Høgdir.

Eg svara i eit Brev, som eg legg ned ei Avskrift av her; eg er kje so lite forvitin paa koss han greider Tingen. Eg hugsar det for vet sjølv: det er i k k j e lett.

- Her noko sidan hadde eg Brev fraa ein Prest Konow, som hev skrivi um „J. Mess." i eit Bergensblad. Dette Stykke sende han meg; og eg maa segja det er utrulegt kristelegt til aa vera skrivi av ein Paulusprest.

Men Stakkars Mann, - no fær han dei „Kristne" paa seg.

Sjøelve Lars Eskeland, som skulde vera etter Maaten ein, frilynd Mann, er etter 'n i siste Nummer av Gula Tidend. Og segjer paa ein rett finsleg, men svært tydeleg Maate til 'n: ut! ut av Kyrkja! tak Avskil! Med so mykje Jesus-tru kann du i k k j e vera Prest i den kristne Kyrkja! Det skal vera rart aa sjaa, koss det sidan gjeng. Eg kunde kje halde meg, men sende ein litin Stubb til G. T. i Saki; det er altfor lystigt: mot Jesus i Jesu Namn! - men det vert mangt aa sjaa av det Slage, tenkjer eg.

- - I „Papperhaugane" mine finn eg eit og anna rart; her um Dagen fann eg noko som burde ha vori med i Knudaheibrev.

Det um Konfirmationen er komi med: at eg greidde meg fraa det med aa lova Vaarherre aa halde Lovnaden naar eg vart eldre. - Men so var det Altergonga. „Eta og drikke seg sjølv til Doms" - hu. I Rædsla for dette arbeidde eg meg upp til noko som eg let gjelde for Anger, og greidde meg med den, til Altergonga var godt og vel yverstridd. Dei greider seg vel so, eller so paa Lag, dei fleste av desse Stakkarane som tenkjer.

Men denne fysste Altergangsædsla, - eg hugsar det vel: den gjorde sitt til aa drive meg heimanfraa. Slikt vilde eg ikkje hava upp att so sant som det fanst Raad; og so dreiv eg paa alt det eg kunde med aa koma burt, og koma langt burt. Og daa eg var komin so langt som til Arendal, - eg hugsar enno den blanke vene Haustdagen daa eg køyrde fraa Arendal til Holt - . eg kjende meg fri og uendeleg glad, fordi at no var desse Sjølebandi tekne av meg.

„Fridomen" min vart vel mykje Villskap, som rimelegt var, slik Tvang som eg fyrr hadde livt under. Men det var som det maatte vera. Eg tok det eg kunde faa, og synda naar eg kunde koma til, og var kaut, di meir djervt eg kunde „synde". Noko „Samvit" pinte meg aldri, men berre Rædsla for at Galnebragdine mine kunde koma upp; og ho som eg var „gift" med og eg, me hev her visst i Grunnen havt det noko-sonær paa same Maaten ; ho var berre endaa meir fri for „Samvits"-Tankar enn eg. Daa visst i den fysste Tidi.

„Synd"? - det var ikkje det som var Spursmaale. Ein Tosk plaaga seg for inginting; men den som forstod seg paa Verdi kunde hava 1000 Kvende og endaa vera ein Guds Mann som Salomon. Synd var ein Bondetanke; Verdi gjekk i k k j e etter Katekisma.

Og di meir ein synda, di meir kunde ein sidan angre. So vart daa Syndi i Røyndi den rette Himilvegen med. At ein skulde kunna døy so braatt at ein ikkje fekk „angre" det som turvtest, „voldsomt men kort", - det kunde eg aldri rett tru paa. Det var nok rart at Gud fann seg i slikt. Men det var det, at han brydde seg so lite um dette vesle Live vaart. Han var ein Gud for deim som skulde døy; det sat i meg, um eg ikkje beitfram tenkte det.

## Med Himmelriket på ryggen

22.3.07

Di eldre ein vert, di meir slær ein seg til Ro med det Live ein hev; det andre nyttar det ikkje aa tenkje paa; me kann ikkje gjera oss Tanke um det. Lat vera at det ikkje er fullvisst at „Anden" i oss sloknar med Alderen og sistpaa Dauden; Anden hjaa den gamle som gjeng i Barndøme, kann liva som ein Fange endaa; og naar Dauden kjem slam han paa nytt Vengine ut. Men alt dette er Draum, og vert ikkje anna enn Draum, so lengi det me no kallar „oss sjøelve", liver. Og kva som sidan kann koma, eller um det kjem noko, det veit me ikkje, og fær me ikkje vita (sjøelve Spiritistlæra vinn vel aldri fram til noko i d e t t e Spursmaale); me samlar daa vaar

Kraft paa dette Live, og held oss til Jesus; hans Tanke gjev Live so mykje Meining som det her kann faa, og tryggjer paa beste Maate for det som kjem, - u m det kjem noko. Best for Live her var det aa faa burt all teologisk Draum; daa fysst kunde me heilt samle oss paa det: - aa gjera Tilvære her til „Gudsrike“, „Himilrike“.

- Eg fær sjaa um eg kann faa eit Tilføre til aa takke B. B. (*Bjørnson*) for dette Stykke. Eg er komin underleg paa Kant med denne Mannen; i Grunnen held eg av 'n, um han ikkje serskilt høyrer til mine Folk; men han hev noko av det som dei gamle Stortrolli hadde, og som lokka alle Oskeladdar paa deim: dei var veldige og rike, digre og svære; men dei „tolde ikkje Dagsljose“: der var so mykje av dette vanlege Kvardagslive dei ikkje saag; og so vart det so morosamt aa „narre“ deim. Det er noko av det same som fyrr hev lokka meg hjaa Teologane; med heile Himilrike paa Ryggen er dei so hjarteleg taapne og blinde; naar Oskefot raakar paa deim, so m a a han narre deim, og det um der so i k k j e er nokor Kongsdotter aa vinne. Men naar ein vert eldre, vert ein meir leid av denne Leiken; ein skynar, at desse stakkars Trolli, dei meiner det vel paa si Vis, og so læt ein deim helst hava sine Trollborgir og RyggsekkHimilrike. Det er berre det, at heile Verdi maa dei ikkje faa leggje inn under seg, um vel skal gange.

## "Heimkomin Son" på beddingen

23. 3. 07.

No hev eg næste Boki mi - den „rette“ Boki mi, mitt „Sanne Livsverk“ (Gudbetre' oss! det trur me mest kvar Gong me legg i Veg med eit nytt Arbeid) - heilt ferdug, i Tanken.

Eg meinte fyrr, at ho skulde heite „Gudar og Profetar“, og gjeva den aandelege Framvoksteren i Verdi (fraa Bilæte, „Gudar“, til Tankar, Kultur). No kjem eg til aa taka noko meir med; Verdi hev ikkje naatt lenger fram enn til (meir elle mindre) „Halvkultur“ enno; og dei siste Par Tusund Aari er ein veldig Reaktion; men me er paa Veg framvi mot heil Kultur (d.v.s: Kultur for heile Menneskje, for Huggleik, Tanke - og sist paa Vilje).

Viljestriden hev vori den seigaste; gjenon Hugen hev Viljen dei djupaste Tægane i Blode i Kjôte, Dyre i oss. Striden hev vori førd med Hogg og Slag og Lekkjur og Band og Øks og Reip og Baal og Brand og all den Develskap som er; men 1) er Viljen det grunnville i oss og 2) var dei Skulemeistrane som skulde age Viljen, sjølve meir og mindre heil- og halvville. Men aa fylgje denne Mannastriden med seg sjølv fram igjenom; det vert forvitnelegt; og aa fylgje dei gamle Vegane fram igjenom til ein tek til aa „sjaa Land“, sjaa den sanne Mannheimen som vel ein Gang byggjer seg, - det vert for meg e hugnadsam Ferd, rik paa Vandskar og paa Vinningar.

- Vonar eg daa!

## Teolognisser

31. 3. 07.

Det hev komi Liv i Teologane; nye Teologbøkar vert utlyste kvar Dag. Og det yrer og kryr kvar eg ser med Teolognisar.

D'er inga Raad med det.

Kyrkja stend trygt; ho er bygd paa Grunnfjell: paa Syndi. Mengdi m a a hava ein Prest som segjer: synda djerveleg, berre tru; for Syndi, det er Live for Villmannen. Berre dei som etterkvart fær Tanke um eit høgare Liv, kann finne paa aa gange til Jesus; for di meir dei høyrer paa Teologane, di meir kjem dei etter det som eg sjølv kom etter daa eg dreiv paa med aa lesa „Apologiar“ : dei „svara paa det eg ikkje spurde um“.

## Drømmen om gullalderen

13.4.07

Det fylgjer lite Hugnad med aa vera Bokmeistar i eit Folk som so halvt hev gjevi seg upp, og som synest hava lite Kraft til aa arbeide seg fram att.

Men det kann vel for Bokmeistaren sjølv vera so nokorlunde slikt Slag.

Me kjem til aa bry oss lite um Bøkane vaare naar me er daude. - u m me so skal live eit liv No. 2 (eller No. XX? ?), Altfor vel vil me sjaa daa, kor lite der er i deim, og kor halvsanne dei er, jamvel naar dei er som alra mest sanne og djupe. Me vil flire aat vaare beste Visdomsord og vera dess meir glade di meir dei vert avgløynde og nedgøynde. Me fær trøyste oss med at me skreiv so godt som slik ein TellusNigger kunde; men kjem det nokon og talar til oss um „Storverki" vaare, so vil me skunde oss og vride Samtalen innpaa andre Ting. Det som me her i k k j e saag eller kunde bry oss um, det vil der taka vaar heile Hug og Tanke.

Det andre Live er ein Draum av same fagre, blide Slage som Draumen um Gullalderen. Men som Draumen um Gullalderen hev n o k o Sanning, - det kann vera noko paa same Maaten med Himildraumen med? Kvi skulde Tilvære stræve so seigt gjenom Aarmillionar med aa vinne seg fram til eit „Liv", som var berre dette, og som me ikkje kann nytte ut betre enn me plar nytte dette? Innst inne i kvar Celle maa det liggje ein Draum um at her er noko meir aa naa?

- Berre ein Ting er viss: det løner seg best aa liva som me trudde paa eit anna Liv; og det i alle Tilfelle. Liva som i Trui paa eit anna Liv, og elles vente med rolegt Mod til den siste Døri læt seg upp; skal du so inn til nytt Arbeid, so vil du vera glad for det; men gjeng du inn til den fulltrygge Kvila, so sæl vere deg ! - Amen.

## Kusymra

29. 5. 07.

Eg kjem inn fraa Epleaakeren og finn den fysste Dusken Kusomar fraa Labraatan i eit Glas paa Borde mitt. Ein underleg mjuk sorgmild Tone av Heim og Barnedraum legg den vesle Dusken yvi Rome, so at var eg ikkje so vaarvinne-slitin som eg er etter ei heller varm Eplesetjings-ykt, so vart eg sentimental og gjorde Vers, um eg er aldri so gamall.

Det er ein forunderleg Blom. Han kann ikkje vera norsk; han er so linn og mjuk og engleleg, hev inkje av det myrke, strenge eller eldfullt glimande som elles sermerkjer norskt Voksterliv. Tvo Ord høver serlig for denne Blomen: det norske v e n og det franske delicat. Men meg minner han serskilt um Risabakkjen paa Garborg og um jønsok paa jæren.

Den dragande vene, mjukt rjomegule Blomen er som ein Barnedraum, innringa i rikt lint myrkegrønt av dei lett krusa og fint teikna Bladi som av ei Sumarnatt. Heilt heime paa Labraaten var eg no, - hørde eg berre jærbumaal ikring meg!

## Skulle "JM" koste ham dikterlønnen?

3.6.07



No daa eg gav ut „Jesus Messias" hadde eg som ein halv Tanke um, at den kunde komi til aa koste meg Stipendie mitt. Daa hadde eg for min Part vori nøgd; og Tuften skulde me no vel alltid greidt fram til ein Eksamen, veit eg. Men - „J. Messias" vart nedtagd paa all Vis, og gjorde ikkje noko av seg i Stortinge heller.

So fær eg vel lata det skure daa, endaa eit Bil. Fornøgd er eg ikkje; eg s k u l d e vera so mykje til Kar at eg fødde meg og mine utan Fatighjelp; men . . . naah.

I Kveld hev eg ikkje anna aa gjera enn leggje meg.

## **Gammelt salmevers fra barndommen**

Knhb. 18. 7. 07.

Her paa Jæren er det helst Salmevers som elter meg; eitt som eg no lyt sjaa aa faa fraa meg, lyder (det er ei Bøn til Gud Jesus):

- „og sig det til din Fader god,  
at du mig frelste ved dit Blod;,  
da bliver jeg of Synden løst;  
Herre, vær min Trøst!  
Giv det du lovede med din Røst."

Denne „Faderen", han tenkjer berre paa as faa steikje Borni sine i den ævelege Elden; og han hev so annvint med dette, at han reint gløymer heile Bibelsogo, hugsar ikkje, at den gjævaste Sonen hans blota seg sjølv til Far sin for Brørane sine; det kjem reint burt, alt dette, for denne Over-Moloch, som Salmemakaren servilt kallar „Faderen". Huff. Og dette sit Folk og mel og gneg paa i Hundradaar etter Hundradaar; og den Faderen, Jesus forkynte, vert til ein Over-Moloch, som er glad - ikkje berre i steikte Born, men i sine egne steikte Born, - so glad i sine egne Born steikte, at han sit og brennsteikjer dei æveleg, og nyt Steikjelukti og vert aldri fornøgd. Over-, Over-Villmannskap; Villmannskap som hev storkna og herdt seg av til Teologi; ein vert reint fælin, naar ein soleis nøydest til as tenkje seg inn i det. Og me kallar oss Kulturfolk! - Gud hjelpe oss so sant.

## **Religiøst tilbakeblikk**

25.7.07

Men denne Prestevitjingi er det vel, som sidan hev ført meg inn paa Tankar og Minne som eg her vil skrive upp; det er eit vanskelegt -og rett vigtugt - Millombrøyte i Ungdomslive mitt, som no for fyste Gongen klaarna so vidt upp for meg, at eg tykkjer der vert Samanheng i det.

T e n k j e paa gudelege Ting tok eg knapt til med fyrr etter dette vonde som hende med 'n Far; daa vart eg nøyd til det. Og naar eg hadde set at det kunde gange soleis med ein Mann som hadde teki det so aalvorsamt som han Far, so maatte eg faa ei djup Mistru til dette som Kyrkja kallar Kristindom.

Til Botnen paa Spursmaale kom eg ikkje; eg visste for lite. Eg var inngjerd av Kyrkjetru; kunde koma til aa undrast, tvila, spyrja, ikkje-tru; men noko nytt Syn kunde eg ikkje vinne meg upp til. Det dovna av med meg att og; eg trudde ikkje, men trudde likevel paa ei Vis; heldt meg i mitt Skulearbeid - og paa ein Maate elles med - til den Teologi eg hadde fengi inn paa Seminarie; men stod likevel utanfyri; trudde at det maatte flnnast noko meir, ei djupare

eller høgare Forklaaring, naar ein berre kunde koma høgare upp, lære meir, bli Akademiker; ein var i Grunnen ikkje Menneskje, fyrr ein hadde Student-Eksamen; mykje stakkars Ungdom gjeng visst og tullar i Skodda paa den Maaten i dette framandstyrde Folke.

Eg kom til „den store Byen". Forunderleg fortulla og fortumla var eg, so eg no lite skynar det sjølv eller kan hugse og halde fast paa det. Det eg hugsar er, at eg hjaa Peter Hærem daa eg kom til aa tala med honour - gjorde meg heller vecre, meir „Fritenkjar", enn eg var, enn eg freista aa dylja det; sjølv sagt hadde eg og nok aa segja paa det som kalla seg Kristindom; men med alt dette, og med all min naturlege Mothug mot dette Bande for Augo - og eg hadde paa min uklaare Maate freista aa finne Veg burt ifraa det -, naar det kom til Stykke kunde eg ikkje faa det av meg; skulde eg vinne meg „fram" til noko, so laut det vera til dette likevel; det galdt i Grunnen berre aa naa fram til den høgste F o r m av „Kristindom", den som „dei beste" hadde livt paa og funni Meining og Samanheng i - eg tenkte paa store Namn; nemnde visst mill. a. Kierkegaard -; naadde eg so langt, so maatte vel eg som so mange andre der kunne finne det eg turvte.

So maa eg i Grunnen ha tenkt. Det skynar eg mill. a. av det eg sidan hugsar: at eg arbeidde ymist med kristelege Tankar, hørde paa fleire Prestar -som J. C. Heuch o. a. -, freista med ein og annan „Apologi" ; stræva ikkje so reint lite med Kierkegaard; men Draumen um aa finne ein høgare Kristindom, - den hev i alle Tilfelle vori svært uklaar; og den kom eg meir og meir ifraa.

Men arbeidde meg upp i ein uklaar Samhug med denne same Kristindomen som eg med alt mitt Stræv ikkje kunde faa Tak paa. Kristindomen v a r det einaste. Vantrui hadde eg freista, meinte eg, - freista so vidt at eg visste at d e r var ingen Ting aa finne. Det eg las av „Vantru", som serleg Dr. Brandes, - det bar meg helst imot; Rett hadde han i so mangt; men den Kristindomen han stridde imot, det var ikkje den sanne Kristindomen; eg livde i lange Tidir i løynd Strid mot denne Fritenkjarskapen, i eit seigt Sjølvforsvar mot den; sistpaa var eg visst kristin paa same Maaten som mange i seinare Tid: var kristin negativt: var imot all Motkristindom; men so snart eg vilde freiste med Kristindom positivt, - so vart eg drivin attende so sterkt, at mi einaste Trøyst var: sidan; ein Gong sidan; til sist maa eg kunne vinne meg yvi aa tru, vinne yvi alle desse Vanskane og tru; Fritenkjarskap, det er i alle Fall den svarte Vonløysa; den kann eg ikkje gjeva meg yvi til.

Soleis gjekk eg og stridde i desse Par Studenteraari. (I „Aftenbladet" skreiv eg visst ikkje so reint faae Stykke um Trudomsspursmaale i den Tidi (1876 helst?); det er Stykke som eg ein Gong maa sjaa aa faa lesa upp att; dei var ugreide som mitt heile Tilstand: eg steig fram til Forsvar for Trui - fysst og fremst! ingen maatte tru anna! -; men slog paa, at for mange var det Vanskar; det kunde vera Spursmaal um d e t o g u m d e t, Spursmaal som slettikkje, for vanlegt Folk og serleg ungt Folk, var so greide . . . her lokka eg paa dei som eg enno so halvt trudde maatte sitja inne med ein høgare kristeleg Visdom: i denne Tid burde dei, til Hjelp for „slike", rykkje ut med den Visdomen dei hadde . . . eller korleis det var eg vende det til, so det ikkje skulde sjaa ut som det var eg, Kristindomsverjaren sjølv, som trong Hjelpi. Til dess det kom til det, at ein Tale av Bjørnson viste meg kor heilt undergravin heile min „Kristindom" var; at det for meg vart berre den skire "Lygn", aa halde paa med denne kristelege Drøyming lenger eg hadde alt beintfram sagt meg sjølv, at det fekk vera det same med Trui for min Part, men eg vilde l a a t s t tru, og soleis hjelpe til med aa halde Kristindomen uppe for andre, „for Folke" -; han sagde Ord som raama meg so beint i Syni, at det fanst ikkje Raad: eg laut vedkjennast at eg stod der nakin og Ljugar og heilt utanfor alt det eg sjølv kalla Kristindom; Enden paa Visa vart, at eg -- i "Fedraheimen", som var tekin til aa koma ut "paa kristeleg

Grunn" sagde fraa, at hermed berre var meint at Blade ikkje skulde stride i m o t Kristindomen. Det var min siste Freistnad paa aa berge - ikkje meg sjølv lenger; eg saag no klaart for min eigin Part -, men det andre Arbeide eg hadde teki til med: det "nationale". .

Nett i desse vanskelege Aari tok eg til aa verte "vaksin", og samla meg um ein Livstanke, eit Livsarbeid; og det hadde - etter Maalstriden med Hartvig Lassen - forma seg so for meg, at eg vilde vigje mitt Liv til Arbeid for „Kristendom og Nationalitet". Tvo Livstankar, som stod jamsides, utan noko Samanheng! - so tok det seg ut for meg daa. Difor kunde eg og sleppe den eine - den fysste! - og like godt halde paa den andre; ja denne „andre" vart i fleire Aar det einaste eg hadde aa halde meg uppe med; for no, daa eg fysst hadde vorti nøydd til aa sjaa meg ikring, og granske meg sjølv, vart det meg lysande klaart, at "kristin" hadde eg aldri vori og kunde eg aldri verte; Lygn, moralsk Sjølvdraap, i Lengdi umogelegt hadde det vori som eg i ville Stundir hadde tenkt: aa arbeide, "leve", for ein Kristendom, som eg sjølv v i s s t e eg ikkje trudde paa!

Dette vart mitt Livs store Forløymsning. Fraa daa av var eg vaksin, og fri.

Men langtifraa ferdug.

Eg turvte nokre Aar til aa "vekse meg ut or" mine gamle Synsmaatar heilt, og inn i det som Tidi daa baud: det "positivistiske" (vitskaplege) Livssyn; daa eg var ferdug med dette, tok eg smaatt um senil til aa arbeide med Kristindomen paa ein ny Maate: historiskt.

Men der var noko i "Kristindomen" - Kyrkjetrui - som alltid drog meg, og drog meg meir og meir, etterkvart som eg saag, at heilt ut kunde Vitskapen ikkje gjeva Bot for ei "Tru" ; Live hadde, kor som var, ei moralsk Side, som hadde ein Rett; og attum alt stod no som alle Dagar "det store Spursmaalsteikn" ; me var ikkje so „ferdug" som mange av oss i ungt Mod hadde tenkt. Og for fysste Gong i mitt Liv gav eg meg til aa lesa i det nye Testamente.

Der var mykje hjaa Jesus som alltid drog meg; han hadde set forunderleg klaart. Men so var der so mykje som berre var til aa læ aat: Undersogur og sovori; og so mykje som ikkje hekk ihop; heile denne underleg uklaare Sogo um Liding og Daude og Uppstodu greidde eg ikkje aa lesa, utan stykkevis; og Jesus vart standande for meg som eit gamalt herlegt Skulpturverk, men sundbroti, utan Samanheng.

Til dess eg endeleg tenkte: Du fær granske desse Sogune skikkeleg igjenom, og samanlikne, og sjaa til aa finne ut kva det er som høyrer til det opphavlege Bilæte og kva som kann vera seinare Paaheng og Utpynting. Dette vart eit langt Arbeid; og Enden paa det vart „Jesus Messias" og hans Kristendom, som ligg so svært langt ifraa den kyrkjelege.

Og no er det som eg heng ihop att. Livsarbeide mitt læt seg paa nytt samle under Namni „Kristendom og Nationalitet": mitt, som alt slikt, Arbeid maa gange ut paa, at ein vil hjelpe sine eigne (sitt eige Folk) fram til full aalmenn Kultur i ei for dette Folks naturleg Form; i Norig, som dette Lande no er stelt, maa dette Arbeide verte: aalment Kulturarbeid i den nationale Maalform; at ein her lyt leggje serskilt Lag paa Formi hev sin reins historiske Grunn; so snart Folks naar same nationale Høgd som andre Folk, tarv me ikkje leggje meir serskilt Lag paa det nationale her enn andre Stadir.

- - - Men gjennom so mykje uklaart og halvklaart lyt ein Mann av eit framandstyrt Folk baske seg fram til so sjølvsagde Ting, - og endaa vera glad at han kjem so langt at han ser det er sjølvsagde Ting, og ser, at det som er serskilt berre er noko som serlege historiske Tilstand hev Skuldi fyri.

Det er godt, at me Bøndar plar liva lengi; det skal Tid til, fyrr sin, ester alle Villføringar og Villfaringar, finn den Vegen som sin under vanlege Vilkaar alltid vilde havt klar framfyri seg.

## Essensen av "Jesus Messias"

*Hulda skriver som fotnote at brevet nedenfor skrev Garborg selv inn i dagboka.*

Du Aslak!

12.8.1907.

Spursmaali dine er ikkje lette aa svara paa.

Kyrkja hev lært oss Pessimisme. Ho segjer: Live paa Jordi er meningslaust; skal det faa Meining, maa me gjeva det upp og tru paa Himilen. Og um me vinn yvi Kyrkjetrui, so sit det att lengi, dette pessimistiske Grunnlage for Kyrkjetrui: at Live og Tilvære er meningslaust, ja vondt.

Og her kann ingin hjelpe oss. Det er ein Sjukdom som hev „sett seg i Augo" paa oss; og fyrr den Sjukdomen hev batna kann me ikkje sjaa klaart. Men mine eigne Røynslur kann eg alltid fortelja Deg.

Eg freista med ymse Ting, var jamvel liksom Du no, inne paa Buddhisme og Theosofi; og der er mangt godt aa lære. Men den som sistpaa laut hjelpe meg, det var Profeten fraa Nasaret. Gjenom Arbeide med honom fekk eg Tak paa, at det i k k j e er „det andre Live" det spyrst um. Hans Tru um det andre Live var den vanlege israelitiske paa hans Tid; men Læra hans gjeld dette Live. Han tek det som Moses og i det heile dei gamle tok det Live me h e v, som det gjeld aa nytte; det som etter kjem vil, i alle Tilfelle, laga seg etter som me her livde. Ja etter Jesus vinn me Sæla alt her, naar me liver rett (Lk. 17,20-21 ). Og at den Sæla ikkje sloknar, um Live held fram etter Dauden, det segjer seg sjølv.

Etter Jesus gjeld det daa aa liva det Live me h e v, paa rette Maaten ; det (dette) er i det heile „Vegen til Live". Og daa fær Live Meining i seg sjølv, Meining som er fullgod for alle Tilfelle.

I Jesu Tid trudde dei paa eit Messiasrike som skulde gange yvi i eit (jordiskt eller jordiskt-himilskt) Gudsrike; andre Tidir kann tenkje seg dette annleis. Men det visse maa vera, at e r der eit anna Liv, so vil me der koma til aa halde fram paa den Vegen som me her med heil og fast Vilje gav oss inn paa.

Men um der i k k j e er noko „anna Liv" (personlegt), so vil me, naar me i det heile hev lært aa bøyge oss inn under Gudsviljen, bøyge oss her med, og g j e r n e taka imot den fullkomne Kvila.

F i l o s o f i s k e (Theoretiske) Spursmaal, som det um „Meiningi med Tilvære", let Jesus liggje: og um deim kann me visst segja, at me treng Spursmaali meir enn Svare. Men paa det etiske Spursmaale: kva skal eg gjera at eg kann vinne Live? svara Jesus; og der treng me Svar, um me skal kunna nytte Live vaart paa rette Maate(n).

Og Jesus svara her so, at Svare gjeld for alle, og for alle Livsvilkaar. Det er det same um Arbeide vaart er „smaatt" eller „stort" ; ein skal ikkje sakne si Løn, um ein so berre gjev ein Drykk Vatn til den som treng; jamvel det „minste" Arbeid for det gode vil, naar det er ærlegt, leggje Meining i Live. Og her stend Jesus yvi alle Livslærarar: han gjev jamvel „dei minste" Rom i Gudsrike.

Daa dette vart meg. klaart: at Jesus hev gjevi oss det me alle, baade „store" og „smaae", treng: m o r a l s k Livsforklaaring, daa skyna eg, at han var den Meistaren eg kunde fylgje. Og sidan, daa det berre er den theoretiske Livsgaata som stend uløyst, hev eg funni den „Fred" i Live som likevel ikkje er Daude.

Med Helsing

Arne Garborg.

## Heimkomin Son har ennå ikke fått navn

3.11.07

- Faust I fekk eg skipa fraa meg for eit Par Dagar sidan. Og no hev eg teki til for Aalvor med „Heim att" (?). Som er Framhald og Slutt paa Rekkja „Fred" - „Læraren" - „Den burtkomne Faderen".

Det vert meir enn „Dikting" ; det vert ei Bok for dei tie av Millionen som tenkjer; men det eg hev aa segja skal eg her faa sagt. So dette Arbeide gled eg meg serskilt til; og det um det vert aldri so vrangt as faa Skikk paa.

Jolaftan 1907

- Eg er endeleg komin i Arbeid med „den nye Boki". Det gjeng godt, enno. For enno er det berre as skipa og skrive upp alle mine „Lappar", slikt som eg hev rabla ihop i desse siste Par Aari, ettersom Tankane kom drivande. Vanskane kjem, naar eg skal til med „Samanhenge", Sogu.

Noko større Sogu er det elles i k k j e. Det er Tankar. Tankar som samlar seg um ein Grunn-tanke, eit Grunnspursmaal. Det vert ikkje mange Lesarar eller mange „Upplag". Men di eldre ein vert, di mindre tenkjer ein paa det. Sistpaa røder ein helst „med seg sjølv", eller skriv „Dagbok". Naa-ja; det er Dagbok-Formi eg nyttar au. Um Lag same Maaten som i „Den burtkomne Faderen." Kva Namn Boki fær veit eg ikkje. Kannhende „Guds Rike"? ? - Det vert m i n „Gamallmannsvisdom" som vert nedlagd i desse siste Bøkane av „Fred"-Rekkja. Skrive og tenkje nyttar elles so lite, at eg meir og meir misunner Mannen min, han Paal i Kvernhusheidi, som ikkje skriv, men arbeider: gjennomfører i sitt eigi Liv den Tanken han hev funni; det er det einaste. Men no sit eg her. Kann skrive og inkje noko anna; og er for gamall til as lære og taka paa fraa nytt av. Kvar skal ein so av? Der eg sit fær eg sitja no; det er ikkje Raad med det.

25.12.07

- Eg vart sitjande heime og arbeide igaarkveld, i Staden for as gange i jolegilde; det er vel fyrste Gongen det hev hendt meg, at eg hev vori aaleine paa ein jolaftan. Men det gjekk svært godt. - „Ein vert gamall." - Ja denne joli! Det er den gamle HeidningsHøgtidi, med Mat og Drykk og Slaasting og Dans; den nye Mann-Guden Kristus er innsett i Staden for den gamle Mann-Guden Tor; det er ikkje anna. Som vel er minkar det med Heidningdomen; det vert mindre med Braak og meir med „Fred paa jordi og Hugnad. med Menneskjom"

- meir og meir, fær me tru?

31. 12. 07.

So er me ferduge med det Aarstale au.

Aarstali skifter og Verdi er si same. For oss, som ikkje er Born lenger, er „Live" inkje anna enn det me sjølve kann gjera det til. Og det er Innhalde av all Religion: korleis me skal leggje „Meining", Innhald, inn i Live. Denne gamle Sanning hev eg endeleg fengi Tak paa, so 30 Aar for seint.

Men betre seint enn aldri.

**1908**

## Det går smått med HS (han fyller 57 år)

25. 1. 08.

- Ja-ja. Eg kann vel snart segja at eg er „vaksin". Og so fort som Aari flyg no, so vil eg snart vera gamall, - um daa ikkje 1911 skulde leggje ein Stein i Vegen, som det er meg spaatt. Det er ikkje mange som hugsar denne Dagen min no; „Jesus Messias" hev frelst meg fraa mykje uklaart. Av Ungdomen var det ingin i Aar - jau; e i Telegrafhelsing -; og av dei „Gamle" berre eit Par trufaste: Jonas Lie og „Kitty og Harriet" fraa Paris-Tidi, og Ivar Mortenson og Steinsvik fraa Fedraheimsdagane og utetter. Og so nokre faa fraa „nyare Tid". - At det minkar m a a i det heile so vera; di eldre ein vert, di lenger kjem ein ut paa sine egne Vegar og Viddir, der færre og færre kann bry seg um as vera med. Me er som Greinir paa eit Tre: skyt ut av same Stommen, og veks meir og meir ut ifraa kvarandre. For meg krøkjer „Livsringen" seg meir og meir ihop: eg vert Jærbu att; Heime-Minni sterknar; den „vide Verdi" vert det ho var: Draum, um elles denne Draumen ikkje er so vill lenger som i dei unge Aari. Eg er „paa Heimveg" ; og glad er eg. Sjølve „Arbeide" hev vorti noko anna enn det var. Arbeide er det einaste eg veit aa drive Tidi med. Kann det so attaat vera nokon til Hjelp paa nokor Vis, so vil ikkje det vera verre. -  
- Med „Den heimkomne Sonen" - eller kva det vert heitande - gjeng det smaatt; men ei Bok vert det vel.

## Oversikt over bokproduksjonen

21.2.08.

Igaar var eg paa Aas - „Land"brukshøgskulen - og heldt „Foredrag" um George. Det var Folk nok for meg; men eg trur ikkje „Land"brukshøgskulen brydde seg noko vidare um George-Tanken. - Sundag skal eg til Drammen.

Hulda er i Skien og strævar med Folkevisedans til ein Maalmarknad dei skal freiste med der. Stort Mod hadde ho ikkje; det er ingin der burte ho kjenner; og Skien er ein Smaaby som minst av alt i Verdi vil vera det han er: norsk. Me fær no sjaa daa. At Hulda fær slite er vel trygt nok; men - i Skien, som so mange Stadir elles i seinare Tid, kann det gaa betre enn ventande. Og noko Gilde paa Aarmaalsdagen sin - i Morgo - fær ho visst ikkje. - Lista yvi mine „Skriftir i Utval" (skipa etter Innhalde) ser so ut:

- 1) Bondestudentar (1. Utg. 1883; 345 Sidur).
- 2) Mannfolk (1886; 258 S.).
- 3) Hjaa ho Mor (1890; 375 S.).
- 4) Trætte Mænd (1891 ; 349 S.).
- 5) Uforsonlige (1888: 210 S.),
- 6) Fred (1892; 347 S.)
- 7) Læraren (1896; 227 S.).
- 8) Den burtkomne Faderen (1899; 99 S.).
- 9) (Heimkomin Son?) (1908; -).
- 10) Haugtussa (1900 ; 220 S.).
- 11) I Helheim (1901 ; 272 S.).
- 12) Sogur (or Samlingane fraa 1884 og 1903),
- 13) Brev (Kolbotnbr. 1889; Knudaheibr. 1904).

Det er ikkje mange Bøkar etter so langt Arbeid. Og endaa er den siste (Heimkomin Son eller kva ho vert heitande) ikkje halvferdig.

Eg fær trøyse meg med, at det som er nedlagt i desse faae Bandi er Live som det saag ut for meg. Det eg maatte gjera hev eg gjort; um det er noko Gagn i det veit eg ikkje.

Etter mange Aars Gruvling og Graving og Strid samlar eg meg meir og meir um Paal i Kvernhusheidi og hans Kristindom. Noko so vori som han paa Lag skulde eg sjølv ha vori - og hadde vorti det, um eg hadde fengi ein friare Vokstr? -; gjenom Paal fær eg daa segja det eg tykkjest hava lært, denne Jesus-Tanken som ser ut som eit Paradoks, men inneheld den Sanning me kann finne: at ein vinn Live naar ein ofrar det.

- Det er ei Sanning som faae skynar og færre kann gjera til Liv. Men di lenger me kjem burt fraa ho, di meir vert Live berre Daude.

## Tolstoy

23.2.08

- I „D. 17de" skriv Lundegaard fraa Ægypti, at det Folke som der bur, det er det same som hev butt der so lengi me kann skilja og sjaa; 6000 Aars Trældom hev Fellahen bori og liver enno. Liver og er den han var. Magtir og Fyrstedøme og Kongehus hev skift; Fellahen hev træla under sine egne og under framande Herrar fraa Faraonar og Babyloniar til Romverjar og Britar; men han er sin same; hev for lengi sidan gjevi upp alle Draumar; tek Verdi som ho er.

Det minner meg paa ein Maate um det som Leo Tolstoy no sist skriv ifraa Russland. Ein ny Maate as gjera Umstøyt paa, ein kristeleg Maate, forkynner han: Folke skal ikkje „reisa seg" ; det skal lata all Politik fara, skal berre i k k j e l y d e dei Herrane som raar paa ukristeleg Vis; desse vil daa, etterkvart som dei ser seg aaleine, bli nøydde til as gjeva upp sine Herrekrav.

Tanken er fin. Og kann Folke nokon Gong samle seg um as liva etter den Tanken, so vil han føre fram til det høgste: til ei Verd som arbeider i Fred og liver i Brorskap. Um Folke kann gjennomføre ein slik „Politik"? - Tolstoy trur, at Russefolke vil kunna. Og daa skulde Russefolke, gjenom uendelege Lidingar, kunna frelse Verdi.

Draumen er stor. Men det er den kristelege Tanken; eg kjem innpaa den i „Heimkomin Son" med. Um han kann føre til Frelse for Verdi er eit Spursmaal. Men at han inneheld Frelse for deim som heilt kann taka han upp, er visst.

## Hugsjuken

31.3.08.

Galinskap; Hugsjuka . . . .

Stride Vilkaar byd dette Lande Folke sitt; serleg er det hardt paa Lengdi for deim som skal slite si Tid i tronge Bygdir eller paa einslege Fjellgardar.

Sinnssjukdom er her daa nok av. Stundom er det gudeleg Ørske, som kann herje heile Bygdelag; stundom er det beint ut Galinskap, som kan slaa ut paa alle fæle Maatar; og svært ofte er det Hugsjuka av ymse Slag, Tungsinn, Sjølvleidskap, Livsangest. I Dag fortel Bladi um ein Mann uppi ein Avdal, som vart galin og drap ein tri Aars Gut med ei Øks; i Morgo er det ein som hev gjort Ende paa seg av Sut for Utkoma eller av Rædsle for Helvite . . .

- Eg gjeng sjølv med sovorin Sjukdom i Blode. Enno hev han aldri fengi Magt. Men med Alderen synest han auke; det hev vori ei Tid no, daa eg ikkje so sjeldan hev komi til aa minnast Far min. Det er som han skulde vilja „koma att". Som han skulde vilja draga Son sin etter seg.

Verst er det um Morgonen; daa er det stundom at eg ikkje er Mann for as vinne meg upp, fyrr det kjem so vidt at eg endaa mindre er Mann for aa ligge; daa vert eg „pint" upp. Og det varer lengi fyrr eg kjem i Arbeidslag. Hjarteklembd og huglaus gjeng eg og vrid meg; agtar eg meg

ikkje, so kjem det Sukkingar og Stynjingar mest som eg laag paa ein Pinebenk; eller eg røder høgt med meg sjølv, so eg støkk og mest tykkjest høyre han Far; og det som er det verste: hjarte like sæl og leid er eg av alt; alt eg tenkjer paa piner eller tyngjer meg, og alle eg minnest . . . ingin kann hjelpe meg; Spursmaale er berre um eg kann klara aa vise meg roleg, s j a u t som ingin Ting var. Med alt dette er Vite like klaart; det er berre Hugen som er sjuk; men den kann vera so sjuk, at eg stundom heilt skynar Far min.

Eg hev havt mange slike Morgonstundir i seinare Tid; og det som gjer meg uroleg er, at Arbeidshugen meir og meir synest dovne. Fyrr hadde eg alltid Arbeide aa berge meg med, um Hugen var myrk; no bryr eg meg i slike Stundir minst av alt i Verdi um Arbeid; kva Arbeid eg tenkjer paa, - det er berre meiningslaust og keidsamt. I Dag tenkte eg med Uhug paa sjølve den Boki eg arbeider med - og uferdige Bøkar plar daa alltid halde Hugen fast -; og jamvel no, daa eg er komin noko-so-nær i mitt vanlege Lag att, tenkjer eg paa Boki rni utan Arbeidsglede.

Det er ei Rid; det gjeng yvi att. Fyrr eller sidan. Men dette at Ridine kjem att og kjem att, og vert verre, fær meir Magt og held lenger paa, det er uhuglegt; vinn eg ikkje yvi det, so kjem den Dagen sidan eller fyrr, daa eg er heilt arbeidsufør, og dermed ikkje livsfør. Og kvar skulde eg daa gjera av meg?

## **Son hans far**

22.4.08.

Sterkare og sterkare kjenner eg det: eg er Son av Far min.

Betre skulde eg no kunna fortelja um Enok Haave og Angesten hans. Eg hev trøysta meg med at eg burde klara det betre enn han, av di eg ikkje hev noko Helvite. No skynar eg, at Trui paa Helvite vel heller paa ein Maate hev vori ein Studnad: hev tvinga Sjukingen til aa halde seg uppe i lengste Lag. Men . . .

Naa; den asiatiske Trui paa fleire Tilvære, som heng saman gjennom Karma, kunde vel paa ein betre Maate tvinge ein Sjuking til aa halde seg uppe: di betre han heldt seg uppe, di snarare slapp han ut av denne underlege Fella som hev fanga oss, og som me kallar Live. Men for gamall er eg til aa faa nye Truir inn i Hug og Blod; og den asiatisk-Nietzsche-ske Tanken um den ævelege Ringen, den segjer berre, at den som gjer Ende paa seg i Dag, vil gjera Ende paa seg um tie Millionar Aar att, og vil halde paa med det fram-gjennom alle Ævur; men strider han imot, so vidt at han klarar seg, so vil han halde paa med det og fram-gjennom alle Ævur; men dei Aarmillionane daa han kviler, vil han ikkje vita meir um enn me veit um ei Natt med djup Svevn.

Alt er berre Gaate. Og det som for den friske gjev Livsmeining, det er for den sinns-sjuka tome Ord.

## **Strever med "HS"**

22.5.08

-- Eg strævar so smaatt med „Heimkomin Son", naar eg hev ei Stund. Jens Eide er tvilande og utrygg og vert meir og meir meg sjølv; Paal Haave er kristin og bygdenational og tek Verdi som ho kjem, slær seg til Ro med aa koma til Heimegarden att (gjennom ein Systerson) og med aa gjeva Keisaren det som høyrrer Keisaren til, likesæl um det er Rom-Keisaren eller Russe-Keisaren. Men den Bondevoni som Henry George hev reist, maa eg sjaa aa faa med; det gjeld berre um eg kann finne ei rimeleg Form for det.



## **Endelig ferdig med "HS"**

20.11.08.

Endeleg ferdug med „Heimkomin Son", som sluttar „Fred"-Rekkja. Dermed er Bokverke mitt fullført, - det som fraa fyrsto var upplagt daa (og eit og anna Innskbt som ikkje var paatenkt, men som „kom").

„Heimkomin Son" er ein litin Ting, men hev kosta mykje baade Tid og Arbeid. Mangt og mange Slag skulde med, og Formi var mest ikkje finnande; eg kunde ikkje gjera Paal Hbve til Dagboksskrivar, maa-tru. No hev eg greidt det paa ei Vis; det er alltid godt nok aat eit Publikum som ikkje les meg. Eg hev peika ut den Leidi som eg trur det maa gaa, um det skal bera fram-yvi; og dermed fær eg vera nøgd. Det er ikkje alle som vinn so langt.

- Og no vil eg „kvile" i Homer eit Par Aar. Der er Fred hjaa dei gamle; og hev Profeten fraa Nasaret gjevi meg Kvile for mine gamle religiøse Spursmaal, so skal Homer gjeva meg Fred for sosiale Spursmaal og Tvilsmaal, - til so lengi.

Elles er alt med det gamle : rolegt og stilt. Nett som eg meir og meir maa hava det. Helst skulde eg like og bu i Knudaheio; men naar eg rett skal tenkje meg um, er det nok best nettupp som eg no hev det; so set eg meg ingin Stad fast, men vert verande fri. Og di eldre eg vert, di meir skynar eg at det er so eg maa ha det, um det ikkje nettupp i seg sjølv er best. Men den som er oppvaksin utanfor Live vert ein framand i Live all Tid. Og eg kjenner meir og meir, at eg maa vera aaleine, trivst best med aa vera aaleine - med mine egne, og so gjerne ein Kjenning eller tvo -; i Lag og Flokkar kom eg ikkje til Gagns med jamvel i dei Aari daa eg lagde meg mest etter det.

## **Kommentarer om "Heimkomin Son"**

29.12.08.

Endeleg er det ein Paulus-Teolog ute etter „Heimkomin Son" (i eit lite Blad upp-i Trums) ; det var ikkje for tidleg.

I det heile hev Boki klara seg betre enn eg hadde venta. Men det er som det er: for dei ukjyrkjelege held eg meg for mykje til Nasaræaren, og for dei kyrkjelege held eg meg for lite til Paulus. Dermed er eg utanfor Flokkane. Og eg kjenner meir og meir, at det er der eg høyrer heime. .

Men eg hev gjort det eg kann til, at Nasaræaren og Paulus kann klaare seg ut fraa kvarandre att; like eins er det ein stor Ting, at ingin lenger vaagar aa nemne Helvite. Me er dermed paa Veg burt fraa den millomalderske Villmannskapen. -

- Gjerne tek eg mitt Rom utanfor Flokkane (endaa det kunde visst turvst, at eg hadde vori Førar). Det eg mindre likar er den Kjensla som meir og meir fær Magt i meg: at no hev eg gjort mitt; no burde eg faa „gaa og leggje meg". Eit Folk som skal fram, treng ungt Folk og sterkt Folk, Lovgjevarar og Profetar; men eg vert meir og meir gamall og dekadent; alt vert Spursmaal for meg.

**1909**

3. 1. 09.

Endaa ei teologisk Melding av „Heimkomin Son" - i „Stille Stundir". Svært rimeleg. Segjer berre, at eg ikkje er rett i Trui „enno". Ein Ungdom paa 58 Aar hev Tidi for seg, synest Meldaren aa meine; i alle Fall er det hyggjelegt at ein Teolog kann sjaa noko godt i ei Bok som berre held seg til Jesus. -

## **Om velstand, kvinnesak og buddhisme**

3.4.08

Det som er visst er, at faae fær nok; meir vil meir; fornøgde vert Folk aldri. Ingin harmar seg meir yvi at han ikkje fær nok, enn den som hev nok. Aukande Velstand gjev i k k j e aukande Barnetal.

Men her er Knuten for den som tenkjer paa Menneskje og ikkje berre paa Samfunde: at me aldri vert fornøgde; at ikkje Velstand heller gjev Ro, og Rikdom endaa mindre. Her er det me maa lære av Jesus. Vinne er til Slutt aa vinne yvi. Midt i Verdi maa ein vinne .yvi Verdi; er ein komin so langt at ein hev det ein treng, so fær ein sin siste Strid: Striden med aa lære aa forstaa, at „sæle er dei fatige".

- Denne Nasaretprofeten hev like eins set klaart i eit anna Spursmaal som no held paa aa tulle Folk burt: Kvinne-Spursmaale. Klarare enn baade Buddha og vaare nyaste Vismennar hev han set, at Mann og Kvende s a m a n er Menneskje; Ætti er baae tvo, eller ho er ikkje. Mennane er Tenkjarar, Hermennar, Uppflnarrar. Kvinna f ø d e r desse Tenkjarar, Hermennar, Uppfinnarar. Utan henne hadde me korkje Buddha, Zarathustra eller Jesus, korkje Aristoteles, Galilei eller Darwin, korkje Alexander, Cæsar eller Napoleon, korkje Homer, Dante eller Shakespeare, korkje Fulton, Stephenson eller Edison; ho hev sin fulle Part i alt. Sønir som ikkje ser dette er Dekadentar; Kvinnehat er eit Nedgangsmerke. Men dette Nedgangsmerke hev si Rot i eit anna som er verre: Kvinna vanvyrder seg sjølv; vil vera Mann; bryr seg mindre og mindre um aa vera Mor. Ein kann trøyse seg med, at ho i denne Tidi vert tvinga til aa leggje seg etter Manns-Dygd; naar betre Tidir kjem, so vil ho vinne sin kvinnelege Sjølv-vyrdnad att, og Mannen vil paa nytt knefalle for Eva-Madonna. Me fær tru det. Held det paa med den Avkjøning ho no er upp-i, so er Ætti vaar dømd. Og kannhende er denne Ætti dømd? JapanKina arbeider seg meir og meir upp; og buddhistisk Missjon vert drivin yvi all Verdi - paa ein mykje vitugare Maate enn dei Kristne driv sin Missjon -; skal Asia paa nytt taka Heimsstyre? Europa slitst og rivst og bikkje-bitst; Europa er det Rike som er usams med seg sjølv; korleis kann det Rike stande?

## **Langfredag og påskens eventyr**

Ved Kveldsborde fekk eg høyre at det er Langfredag i Dag. Det hev eg i heile Dag ikkje havt ein Draum um.

Alt dette kyrkjelege kjem so reint burt for meg. Det høyrer heime langt upp-i Millomalderen einkvar Stad; kva hev eg med det aa gjera?

Underleg gamall er eg; fleire Hundrad-Aar hev eg livt. Eg er upvaksin i Pietisme-tidi; hev sidan gjennomlvt Rationalisme-, Romantik-, Positivisme-, Dekadence-Tidine, den eine etter den andre; held no endeleg paa aa fotfeste meg i Røyndomen, sjaa Live som det er og byggje mine Tankar paa det; og det vert rolegt og klaart og stilt, i meg som ikring meg.

Langfredag . . . . Ja det var noko, det au ein Gong. Ein heil Eventyrdag. Lidingssoگو vart lesi; ho var ein Time lang minst, og det var ei Sogu som tok meg; eg var i Jerusalem; var med fraa Getsemane til Øvstepresten, fraa Øvstepresten til Pilatus og Herodes, fraa Domssalen til

Golgata, fraa Golgata til Gravi, som eg elles visste skulde opne seg att i Overmorgo; so det hadde ikkje noko paa seg, større; det var Eventyr; men det store var, at dette Eventyre var sant, og at det heldt fram utgjenom heile Bibelsogo og ut gjenom Verdi eg Tidine alt til Domedag, daa Eventyre heilt skulde faa Magti.

Ei long Sogu fekk Profeten fraa Nasaret. Live hans var stutt og Dauden hans tung; men so vart han Eventyr. Gleid fysst inn i den israelitiske Messias-Sogo. Kom sidan inn i eit europæisk Eventyr; der vart han Oskeladden som frelste Prinsessa - Ætti - fraa Stortrolle - Satan -, og for det vann henne og halve Kongerike. Ja Gamlekongen, Vaarherre, han vart etter den Tid avsett, aa kalle for; Oskeladd styrde noko-so-nær aaleine.

Desverre; det var berre Eventyr. Stortrolle liver sidan som fyrr, ja helst verre enn fyrr, og Prinsessa sit og lusar det og fær ikkje gjort anna. Sjølve Kyrkja er berre ein Sal i det Fjelle der ho er inn-teki, eit Soverom der ho jamt og samt drøymmer upp-att Draumen um den galilæiske Oskeladden; men so maa ho upp att, og inn og luse Trolle sitt.

Kjem ho nokon Gong ut? Eller skal me alle Dagar bli sitjande i denne Bergskorta og luse Satan-(Mammon-)trolle?

## **"Den bortkomne Faderen" omarbeides**

11.5.09

Eg steller med „Den burtkomne Faderen" no um Dagen (det trengst eit Grand Utfylling, so det kann bli fullt Samanheng millom den og „Heimkomin Son"); og eg finn eitt og anna der som er meg sannare no enn daa eg skreiv det. Og naar Paal Hove i „Heimk. Son" bryr seg noko meir um Tankane hans Jens Eide enn fyrr, so er vel Samanhenge det, at han au er komin i Tvil; kjenner paa seg, at her er eitt og anna som held paa og losnar i Grunnane. At nye Tidir er i Kjømdi er visst; men kor mykje av det gamle som maa øydast fyrr det nye kann gro, - det er Spursmaale.

## **Teosofi og poteter**

26.5.09

Ymist nytt dukkar upp; soleis den gamle „Teosofien". Ein ny Teosof-„Kristus" hev missjonera i Xia eit Bil; og det stend Mynt att-um: dei norske Teosofane skal faa ei Tidskrift; „Kringjsjaa er kaupt, og Marta Steinsvik skal vera Styrar. At Teosofi (og Buddhisme?) rykkjer fram er eit Tidvarsl; Europa tek til aa eldast. I Norig med vil det vera ymis Ungdom no, som heller slær seg paa Nirvana-Drøyming enn paa Samfundsspursmaal; „Trui" hev vorti „veik hjaa mange". Og kven kann undrast paa det?

- For meg vert Profeten, fraa Nasaret meir og meir Føraren. Kvar maa gjennomføre „Gudsrike" i sitt eigi Liv; men til aa halde uppe Mode, særleg -hjaa dei unge, trengst Trui paa ei komande ljøs Framtid, eit „Gudsrike paa jordi". Og betre Tidir vil - eller daa visst kann - koma. Men kor som gjeng - Sosialdemokratie ender vel i nytt Cæsardøme? Eller um George-Tanken vinn, . . . tru han vinn fyrr Pengeherrane hev fengi snutt han til etter sine Hovud? Etter „Land Values" hev ein engelsk George-Mann alt paavist, at George-Skipnaden vil bli ikkje minst til Bate for Pengemennane - kor som gjeng vil nye Tilstand skapa nye Krav; den gamle Folke-draumen um eit Gudsrike vert aldri soleis „sann-drøymd" at alt vert „Fred og Ro", d. e. Still-stand; med all Framgang vert det alltid Spursmaal aa svara paa. Men det som alltid og under alle Vilkaar er visst er, at den vinn Fred som hev „Gudsrike innantil i seg" ; dei fatige e r sæle,

som Paal Hove hev lært. D. v. s. dei fatige som hev Arbeid; serleg dei som hev jord aa arbeide paa. Og so langt maa ein vel - heretter som fyrr - kunna koma?

31. 5. 09.

So skulde vel Sumaren kunna taka til! Men enno er det svalt ute og mest kaldvori inne. Best aa staa i jordeple-Aakeren, - endaa der vil det gjerne bli hosta varmt att.

Men Blomar sprett og Fuglar syng. Og Sol bryt fram gjennom Sky . . . . . Mitt Barneynskje vaknar: den som var Fugl! -

- Teosofane driv paa; dei vil „taka Lande". Ei Tidsskrift skal dei faa (hev - med tyske Pengar - kaupt „Kringsjaa"), det skal vera halvt paa norskt og halvt paa norskdanst; millom Medarbeidarane skal eg au vera med, - so lengi det kann vara.

Formaale ser godt ut. Ein skal arbeide seg fram-yvi til „Menneskehedens universelle Broderskab uden Hensyn til Race, Troesbekjendelse, Kjøen eller Farve; det vil „fremme Studiet af sammenlignende Religion, Filosofi og Videnskab" (?), og „udforske endnu skjulte Naturlove og Menneskets skjulte Evner" ; under dette siste er det vel at den teosofiske Mystiken gøymer seg. No fær me sjaa. Vert det for mykje „Mystik", so vinn dei knapt langt her i Lande.

Den „teosofiske Kristus" (Dr. Rudolf Steiner) er (etter Rich. Eriksen) „den clairvoyante dybt-skuende Mystiker nøie forenet med den klare videnskabelige Tænker" ; han hev skrivi um „Welt- and Lebensanschauungen im 19ten Jahrhundert", um Goethe, Nietzsche, Häckel, Ludw. Uhland, um „Wahrheit and Wissenschaft", „Philosophie der Freiheit", „Grundlinien einer Erkenntnistheorie", „Lyrik der Gegenwart", „die Erziehung des Kindes" o. y. a, og so um „Einweihung and Mysterien", „Re-inkarnation and Karma", „Hvorledes erhverves Kundskab om høiere Verdener" (umsett); no held han paa og gjev ut „Die Geheimwissenschaft". Til Dansk hev me no fengi umsett ei Bok av han um „Kristendommen som mystisk Kjendsgjerning" ; den hev eg nettupp lesi. Han er godt inne i den gamle Mysterie-Kultus, som me finn att hjaa alle gamle Folk me kjenner, ikkje minst i Hellas (Sokrates, Plato; seinare Philo - Logos-Tanken -); mykje kjem her fram som Skulelærdomen ikkje veit um. Og Samanlikningi millom Buddha og Jesus kjem til dette Endemaal: „B. har i sit Liv vist, at Mennesket er Logos, og han vender tilbake i denne Logos, naar det jordiske i ham dør. Jesus er selv personlig bleven Logos; i ham er Ordet bleven Kjød. Saaledes blev det, som fra den gamle Mysteriekultus- afspilledes i Mysterietemplets Indre, gennem Kristendommen opfattet som en verdenshistorisk Kjendsgjerning. - For den kristne Menighed blev Mysterievisdommen uløselig knyttet til Jesu Personlighed."

Jesus-Sogune vil ikkje vera ein Biografi meir enn Buddhalegenden. „Man tog ikke sit Stof fra Historien, men fra Mysterietraditioner." Desse var ikkje alle Stadir eins. Men so mykje Samhøve var der, „at Buddhisterne fortalte sit Gudmenneskes Liv næsten nøiagtig paa samme Maade som Kr.dommens Evangelister fortalte om deres". Dei fire Evangelistane hev aust av „fire forskjellige Mysterietraditioner" („om Gudssønnens typiske Liv"). Dei tri fyste Sogune hev aust av „Mysterietraditioner som har lignet hinanden" ; den fjerde er gjennomtrengd med „Ideeer som minder om Religionsfilosofen Philo", „er fremgaaet af de samme mystiske Traditioner som Philo ogsaa har staaet nær". Ein kann daa tru, „at Begivenheder som i Evangelierne fremstilles som Kjendsgjæringer, ingenlunde derfor gjør Krav paa at opfattes som historiske, men snarere maa opfattes som mystiske, som Tanker der udspringer fra forskjellige mystiske Traditioner".

„Underet" er „Oplevelser der har tildraget sig paa et høiere, et aandelegt, Tilværelsestrin" ; det er daa sjølv sagt at dei ikkje læt seg skyna „ud fra den fysiske Naturlovsmæssighed".

Lasarus-Sogo er aa tyde ut fraa Jesu Ord: „eg er Uppstodo og Live" ; h a n er den Uppstodo Lasarus hev røynt; det er „Orde" som hev vorti til Liv i Lasarus; at Lasarus er „uppstadin" vil segja: han er fødd paa nytt. (Plato brukar eit Bilæte som inneheld det same). Lasarus hev, i

Mysterie-Maal, vorti ein „innvigd". Jesus hev „foretaget Livsforvandlingens store Under paa Lasarus i de gamle Traditioners Aand".

Jesus vilde „give alle Visheden om det som i Mysterierne blev beskrevet som Sandhed" og soleis „hæve den til et høiere Tilværelsestrin". „Kr.dommen skulde være et Middel hvorigjennem alle kunde finde Veien." (Jesus vilde „søkje aa frelse "dei burtkomne"). „Guds Rike" skulde bli meir „uafhængigt of de ydre Mysterieceremonier" ; det var ikkje her eller der, men „innantil i dykk".

Johs. Opinberring er heilt igjennom Mysterievisdom. „Det er en Indvielse som bliver Johannes til Del." Men det er ikkje ei Innvigjing i den gamle Mysteriemeining; „Kristendommen skulde ikke være for de faa udvalgte," men „for hele M.skeheden", for alle som „hev Øyro aa høyre med". „Johannes Aabenbarings Mysterium er, at Mysterierne ikke længer skal være lukkede." „Kristendommen er fremgaaet of Mysterierne." (Millomled: Essæar- og Therapeutarsamfund.) „Dens Visdom fødes selv som et Mysterium i Apokalypsen; men" - „den enkeltes Mysterium skal blive et universelt Mysterium". Mysterium vert det, „et Mysterium som ikke aabenbares nogen som Erkjendelse, men alle som Trosindhold".

- Der er mangt aa lære av denne Boki. Men det mystiske vert meg verande mystisk; og kor lite eg veit: Skoddeheimen lokkar meg ikkje.

I det teosofiske „Kringsjaa" vert eg ingin gamall Mann - - -

Me braakar og balar og vil vinne Verdi; men er til Slutt glade at me hev den vesle Flekken paa Kyrkjegarden „trygg".

## **”Jesus Messias” og forever på Jæren**

16.8.09

- Paa Heimvegen fraa Bryne fekk eg køyre med ein Ungdom fraa Sikvaland (Son hans gamle Retzius, - uppkalla etter ein Preikebok-forfattar -, no daain, fekk eg høyre); han fann at mange Maalmennar dreiv for hardt paa, og var nøgd med meg som meinte at ein fekk ikkje sprengje hardare paa enn at Folke kunde fylgje. Kom so eit Grand innpaa Spursmaale um Trui; det var mykje der han ikkje greidde, sa han; og han vart glad daa eg lova aa laane han „Jesus Messias". Han er den andre jærbu-Ungdomen som hev tala til meg um slikt; Jæren er vel i ein Overgang her au, veit eg. Og vel vilde det vera. - -

- -- Som eg sat med dette, arbeidde det seg upp til eit Uver av det store Slage; lange Tidir er det sidan eg saag noko sovori.

Attum eit graa-kvitt Skyforheng, nedst nede sundsprengt i Flagur, øvst uppe fest til Himilen ved ei ljøs lang Line fraa laagt i Sudvest til høgt i Nord, myrkna det fram ei blaasvart Skytyngd som dulde alt: Hav og Himil var burte; eg saag inn i Nivlheim, i Naastrand, i det ytste Myrkr.

Lange bleike Ljon braadde fram fraa Sud til Nord, laagt nede, milelange, som braa-svinga Sverd; glima og blaablenkte alt i eitt; døyvde Toredyn i endelaus Rulling, ut og fram og burt og av, med no og daa eit tyngre Brak, fyllte Myrkheimen med jøtunrædsle.

Stilt og smaatt drog denne Myrkheimen seg attum sitt Forheng inn yvi Land, dyljande meir og meir av jord og Himil. Nedbygdine kvarv; Midbygdine kvarv; Risabakkar og Garborgsaas kom burt; Tjensvoll- og Tunheimsbakkar sokk ned; eit svært Regn tok til aa falle, trafsande fløymande; det rann som breide Bekkir ned-yvi Glasi. Ljoni kom nærare og vart kvassare, glima bivrande inn gjenom Glasi og blenkte mot StoguVeggine; Torebraki tyngdest; det skok og skral upp-i Lufti som av mjølneslegne jøtunhausar som brast; lange skakande Rullingar fylgde Aasryggir og Bergbrunir; Fjell-knausar syntest braa-ramle; det kom Grunn-Smellar so Stogo liksom seig under Foten. Og det fossa og fløynde med Regn som i ein ny Siflaum; alt der ute fløynde og flaut, blenkte, braka, brast; Verdi var nedsenkt paa Havsens Botnar.

Halvrædd og halvglad stod eg og stirde paa denne Domedag; eg livde upp-att mine Barn-  
domsminne fraa „det vaada Aare". Og eg sagde med meg, i eit Mod som eg ikkje sjølv  
forstod: enno er ikkje dei gamle Gudar daude.